

Årsmelding

2005-2006

Mange
røyster | NORREGS
-felles mål | MÅLLAG
100 ÅR

Omslag og utforming: Erik Bolstad

Innhald

Føreord	4	<i>Samskipnaden</i>		<i>Norsk Målungdom</i>	
Leiar	5	Lag og medlemer	25	Melding frå arbeidsåret	51
		Vervearbeidet	25	Medlemstal og lokallag	70
		Lokallag og fylkeslag	26		
		Studiearbeit og leiartrening	26		
		Landsmøtet 2005	27	Nærskyldde tiltak	
		Slepp nynorsken til!	27	Dag og Tid	52
		Haustseminar	28	Det Norske Samlaget	52
				Det Norske Teatret	52
		Informasjons- og mediearbeit	28	Folkekulturforbundet	53
		Pressearbeit landsmøtet	28	Kringkastingsringen	53
		Pressemeldingar	29	Landsamanslutninga av	
		Presseoppslag	30	nynorskkommunar	53
		Kommentarar og leiarar	32	Noregs Ungdomslag	54
		Lesarbrev og debattinnlegg	32	Norsk Barneblad	54
		Grafisk profil	32	Norske Lagsbruk	54
		Materiellproduksjon	32	Nynorsk kultursentrum	55
		Nytt om nynorsk	33	Nynorsk mediesenter	56
		Norsk Tidend	33	Stiftinga Magasinett	56
		www.nm.no	33	Stiftinga Nynorsk Pressekontor	57
		Mediekurs	33	Stiftinga Pirion	57
		Nytt kontor for skrivarstova	33		
		Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde		Vedlegg og statistikk	
		Heiderslagsmedlemer	35	Nynorsk skulemål 1930-2005	58
		Styret og arbeidsutvalet	35	Skulemålet i alle fylka	59
		Landsrådet	35	Skulemålsrøystringar 1991-2006	60
		Valnemnda	35	Målbruk i departementa	62
		Skrivarstova	36	Målbruk i statsorgan	63
		Nemnder og utval	36	Lag og medlemstal	64
		Reiseverksemda	38		
		Økonomi			
		Rekneskap	43		
		Balanse	46		
		Fondet for norsk målreising	47		
		Inga og Gjøa Lutros legat	49		
		Kulturlotteriet	49		
		Revisormeldingar	50		

Føreord

Styret legg med dette fram årsmeldinga for arbeidsåret 2005/2006 slik § 5.1 i lov for Noregs Mållag seier.

Årsmeldinga dekkjer perioden 1. mars 2005 til 12. mars 2006. Dei siste vekene fram til landsmøtet vert oppsummerte i årsmeldinga for neste arbeidssfolk.

Noregs Mållag er ein landsfemnande, friviljug medlemsorganisasjon med skrivarstove i Oslo. Det har ikkje vore fysiske ulukker eller skadetilfelle i 2005. Sjukefråveret har vore 39 dagar, noko som utgjer drygt 2 prosent. Arbeidsmiljøet vert rekna som godt, og Noregs Mållag fylgjer prinsippa for likestilling i arbeidslivet både når det gjeld lønspolitikk og tilsetjingar. Verksemda til Noregs Mållag ureinar ikkje det ytre miljøet. Årsrekneskapen for 2005 gjekk med underskot, men grunnlaget for drifta i året og åra som kjem, er likevel det beste.

Landsmøtet i 2005 vedtok eit treårig arbeidsprogram for 2005 – 2008 og årsmeldinga fylgjer kvart år oppbygginga i arbeidsprogrammet. Årsmeldinga omtalar i hovudsak arbeid som er gjort eller det er teke initiativ til

frå styret og skrivarstova i Noregs Mållag. Ho omtalar likevel noko av det arbeidet lokal- og fylkeslag gjer og også tilskipingar og særskilde hendingar som nærskyldde organisasjonar har stått for. Årsmeldinga tek likevel ikkje mål av seg til å yta rettferd til det store arbeidet som vert lagt ned av lokal- og fylkeslaga i organisasjonen.

Årsmeldinga skal danna grunnlaget for landsmøtet si vurdering av arbeidet til styret og stoda for målreisinga og heile samskipnaden. I tillegg fyller årsmeldinga ein viktig funksjon som Noregs Mållags rapport om arbeid til offentlege og private tilskotsytarar og samarbeidspartnarar, og årsmeldinga har i alle år vore den mest utfyllande rapporten om norsk målstrid og målreising som vert utgjeven. Styret har difor lagt vekt på å gje årsmeldinga ei utforming som òg gjer ho interessant for lesarar utanfor Noregs Mållag, sjølv om den primære målgruppa er samskipnaden.

Oslo, 12. mars 2006

Nils Ulvund (konstituert leiar) Eli Bjørhusdal (nestleiar) Karstein Bjørge
Berit Rekve Unn Røyneland Anne Marit Godal
Signhild Stave Samuelsen Olav Skare
Gro Morken Endresen (dagleg leiar)



Styret i Noregs Mållag 2005-2006. Frå venstre: Signhild Stave Samuelsen, Nils Ulvund, Karstein Bjørge, Eli Bjørhusdal, Steinulf Tungevik, Berit Rekve og Anne Marit Godal. Unn Røyneland og Olav Skare var ikkje til stades.

Leiar

2005 kan gå inn i historia som eit merkeår for nynorsken sin posisjon i Noreg. Hausten 2005 vart det regjerings-skifte etter stortingsvalet, og den nye regjeringa har alt sett spor etter seg i målsaka. I regjeringserklæringa i haust lova dei finansiering av ein nynorsk kunnskaps-base på nett, ei stortingsmelding om språk og makt og melda at dei ville stimulera til auka bruk av nynorsk i media. Dei fylgde opp i mållovsmeddinga i desember med å slå fast at «*Formelt er nynorsk og bokmål like-stilte målformer, men reelt sett har nynorsk vanskelegare vilkår. Regjeringa vil derfor streka under at det frå det offentlege si side er særleg viktig å leggja til rette for at nynorsken skal kunna utvikla seg på ein god måte.*» og at «*Sjølvé grunnlaget for at vi i det heile kan ha ei mållov med plikt for tilsette til å bruka både bokmål og nynorsk, er den skriftlege sidemålopsplæringa i skulen. Denne opplæringa må utviklast og styrkast, ikkje reduserast.*»

Mållaget trur regjeringa har sett seg høge mål for språkpolitikken, samstundes som det ikkje er ein dag for tidleg at vi tek mål av oss til å koma opp på eit nivå som sørmer seg samanlikna med andre europeiske land, når det kjem til vern av eige språk. Her trengst alle klutar, og Mållaget skal sjølvsagt hjelpe til som best vi kan.

I året som gjekk har også Mållaget fått eit godt og viktig samarbeid med Utdanningsdirektoratet, særleg gjennom det nyopprettet Forum for nynorsk i skolen, eit forum samansett av folk frå Utdanningsdirektoratet og viktige aktørar på nynorsksida. Vi opplever at vi mykje godt har sams forståing av utfordringane og løysingane for nynorsken i skulen. Nynorsken, både som hovudmål og som sidemål, kan ha mykje bra i vente her.

Utestenginga av nynorsken i media har prega det meste av året som gjekk. Kampanjen for nynorsk i Dagbladet og VG vart lansert på landsmøtet, og dei 36 000 underskriftene vart overrekte i slutten av oktober. Både avisene har uttrykt at det svært høge underskriftstalet har gjort inntrykk på dei, men ikkje nok til å leggja om språkpolitikken. Like fullt har vi sett fleire innslag av nynorsk i både avisene etter kampanjen starta. Det er ikkje avgjerande for Mållaget om dette er eit resultat av kampanjen eller ikkje, så lenge det faktisk vert nynorsk i riksavisene. Interessant var det også at hovudsaka i media etter at Språkrådet la fram rapporten sin «Norsk i hundre!» i oktober, var forbodet mot nynorsk i media. Frank Aarebrot hadde fleire utspel der han tok til orde for at avisar med nynorskforbod ikkje burde få pressestøtte eller momsfritak. Mållaget har sett pris på all drahjelp vi har fått på mediekampanjen vår, sjølv om vi



Nils Ulvund tok attval til styret på landsmøtet i Tromsø. I oktober rykka han inn som fungerande leiar ut arbeidsåret, etter at Steinulf Tungesvik vart utnemnd til statssekretær. (Foto: Hege Lothe)

ikkje deler synet om at det skal knytast språklege vilkår til pressestøtta.

Anten det har vore mediekampanje eller andre større saker, har organisasjonen vore avgjerande for gjennomføring og eit godt resultat. Målrørsla har heile fundamentet sitt i å vera ei folkerørsle, der lokallaga og den lokale aktiviteten er det avgjerande. Det var både gledeleg, viktig og årleg fortent i heile organisasjonen at medlemstalet gjekk fram i 2005, etter mindre attendegang kvart einaste år sidan 2000. Det er lokalt, ikkje sentralt, vervinga går føre seg, og framgangen er eit direkte resultat av godt arbeid!

Med regjeringa i ryggen, eit medlemstal i medvind, ei knallopning av jubileumsåret og forventningar om snarleg normalisering av nynorsk i riksavisene, er det all grunn til å sjå positivt på målsaka framover. Pionerane kjempa nynorsken inn plass etter plass, krins etter krins, i kraftig motvind frå eliten og styresmaktene. Hundre år etter finst det knapt seriøse aktørar i norsk politikk som ynskjer nynorsken gravlagd. Ein heilt vesentleg ting skil utgangspunktet vårt frå tidlegare generasjonar: Nynorsken har kome for å bli!



Du går fram til mi inste grind,
og eg går òg fram til di.
Innanfor den er kvar av oss einsam,
og det skal vi alltid bli.

Noregs Mållag har i høve jubileet utvikla ein eigen jubileumsprofil som du ser smokebitar av i årsmeldinga. Profilen er utarbeidd av Øystein Vidnes. I idefasen var Siri Moe og Morten Andersen sentrale.

Fleire forfattarar og slektringar av forfattarar har gjeve oss løyve til å bruka strofer frå deira prosa vederlagsfritt. Forlaga Aschehoug og Samlaget har gjort det same. Noregs Mållag vil gjerne få retta ein stor takk til: Arnt Birkedal, Kjartan Fløgstad, Marie Louise Widnes, Hilde Myklebust, Guri Vesaas for å ha gjeve oss løyve til å bruka tekstu av Tarjei Vesaas og Halldis Moren Vesaas, og Bodil Cappelen for å ha gjeve oss lov til å bruka strofer av Olav H. Hauge. Vi har dessutan nytta strofer av Per Sivle, Arne Garborg og frå lagssongen til Studentmållaget i Oslo.

Målpolitiske arbeidsfelt

Nynorsk oppvekst

BARNEHAGE Styret har ikkje funne tid til å prioritera konkrete tiltak og oppgåver andsynes barnehagane dette arbeidsåret. Mest gledeleg er det at Landssamanslutninga av nynorskkommunar har fått gjort eit arbeid for å utdanna fleire kursleiarar for Pirionkurs. Desse kursa kan laga i Noregs Mållag gjera avtale om å få skipa til i kommunen sin, og Noregs Mållag har ved fleire høve peika på trangen for fleire kursleiarar fordi etterspurnaden etter kurs i periodar har vore større enn det har vore råd å dekka.

GRUNNSKULE Det var seks røystingar i perioden. Nynorsken vann fire og tapte to røystingar. Det kjem òg to røystingar i vår i Sunndal (Gjøra og Løykja).

Røystingane i Steinkjer (Røysing skole) skil seg mykje ut. Det var røysting 20. april der nynorsken vann med ni røyster. Bokmålsaktivistar klaga til kommunen over at sume røysteføre hadde fått melding om at det var mogleg å røysta per post, medan andre ikkje fekk slik informasjon. Kommunen gav klagarane medhald i dei påståtte feila i saka og lyste ut ny røysting. I den andre røystinga vann bokmålet klårt. Så vel lokallaget som Noregs Mållag var involvert i saksførehavinga før den andre røystinga.

Florø Barneskole i Flora i Sogn og Fjordane er frå gammalt av ein bokmålsskule. Like fullt har over 80 prosent av elevane nynorsk som hovudmål. Kommunen lyste difor ut røysting om opplæringsmålet på skulen. 14. november møtte 9 prosent av dei over 4000 røysteføre fram - og det vart fleirtal for bokmål. Viktigaste årsaka til bokmålsfleirtalet må tilskrivast svært låg aktivitet frå Mållaget før røystinga. Kommunestyret vedtok likevel at nynorsk skal vera opplæringsmålet på skulen. Den store dominansen nynorskelevar og det sjeldsynt låge frammøtet var avgjande for vedtaket.

Ei av røystingane (Ålgård) vart driven fram av kommunen sjølv skuld stor dominans av bokmålelevar i fyrste klassesteget. I dei andre tre røystingane er det foreldre til elevar på skulane som har teke initiativet til røystingane. I eitt av tilfella har det jamvel

berre vore krav frå foreldre som har utløyst røystingane – ikkje over 25 prosent underskrifter frå dei røysteføre slik lova krev. Det er eit åvorleg lyte ved opplæringslova at foreldre kan undergrava vedtak om opplæringsmål og intensjonen med skulemålsrøystingar. Fram til 2003 heitte det at dersom minst ti foreldre kravde det, laut kommunen oppretta eigen klasse med anna hovudmål enn det som var vedteke for skulen – med etterhald om at det vart ti elevar att med det opphavlege hovudmålet. Dette etterhaldet vart fjerna i opplæringslova i 2003. På denne måten kan ein bokmålsskule ha 2 bokmålelevar og 15 nynorskelevar på eit klassesteg, og skulen må oppretta to grupper. Sameleis andre vegen, og det var dette som skjedde på Ålgård skule ved skulestart 2005. Noregs Mållag har gjort framlegg om å få att etterhaldet som galdt i opplæringslova fram til 2003. Gjeldande lov undergrev meiningsa med at kommunen vedtek opplæringsmålet på skulen.

Som i mest alle tidlegare røystingar er det mykje godt organiseringa av arbeidet før røystinga som avgjer resultatet. Til dømes kom arbeidet i Kvinesdal ikkje i gang før snaut to veker før røystinga. I alle røystingar har lokallaga vore sentrale i arbeidet saman med nynorskvenner i krinsane.

KVART ÅR LÆRER 90.000 barn å lesa og skriva på nynorsk i Noreg.

DET VART NYHENDESAK over heile verda då Microsoft-konsernet avgjorde at dei ville laga Microsoft Office på nynorsk. Dataprogramma på OpenOffice.org finst òg på nynorsk. Det same gjer nettlesaren Opera.

Ei viktig røynsle å trekka frå røystinga er denne: I t.d. Austerdalen (Kvinesdal) samla bokmålsaktivistar inn over 200 underskrifter med krav om røysting. I sjølv valet var det 115 som røysta bokmål. Sameleis var det i Hovet i Hallingdal. Det er eigenleg ikkje gale i seg sjølv at det vert røysting om skulemålet på nynorsk-skular – problemet er at det ikkje er røystingar på bokmålsskular. Sidan 2000 har det vore over 40 røystingar. Éi av desse har vore offensiv. Sidan 1965 har det vore over 380 røystingar der åtte har vore på bokmålsskular. Det er uråd å tolka dette som anna enn ein politisk og ideologisk veikskap ved oss sjølve. Truleg har det knapt vore mindre motstand mot nynorsk å møta i samfunnet enn no. Trass i denne stoda evnar målrørsla ikkje å endra målstoda nemnande i skulen. Det er ei utfordring frametter å byggja målrørsla sterkt nok til å driva fram røystingar rette vegen.

PARALLELKLASSANE Fjoråret vart mykje merkt av åtak på nynorskklassar på bokmålsskular. I opplæringslova hadde klassane vorte bytt med «gruppe» og denne nyordninga brukte mange rektorar til å blanda bokmåls- og nynorskklassar. På vegner av mange foreldre til nynorskelever i Sandnes gjekk Sandnes Mållag og Noregs Mållag til rettsak mot Sandnes kommune – og vann. Trass i anke til så vel lagmannsretten som til Högsterett, tapte kommunen. Retten slo fast at det ikkje er lov å blanda klassar med ulikt hovudmål i dag der elevane lærer å lesa og skriva, einast i såkalla praktisk-estetiske fag kan elevane blandast nett av di språkopplæring *ikkje* skjer i desse faga. Men: det var eit ålvorleg lyte i domen at retten opna for noko blanding i lese- og skrivefag dersom foreldra går med på dette. På grunn av at mange skular alt hadde teke til med slik blanding, ynskte skulane å halda fram av sosiale årsaker. Ved somme skular har foreldra sagt ja til dette.

Etter domen orienterte Noregs Mållag alle kommunar og skular der dei har blanda elevane. Før skulestart august 2005 sende Utdanningsdirektoratet eit rundskriv der dei viste til domen og gav melding om at slike lovbroter måtte avsluttast. Trass i rundskrivet frå Utdanningsdirektoratet, held framleis skular fram slik blan-

ding. Noregs Mållag har motteke meldingar frå fortvilte foreldre som bed om hjelp til å rydda opp i saka. Noregs Mållag har teke opp saka med skular der klasseblandinga held fram og vil leggja fram saka for departementet med det fyrste.

Eit viktig resultat av rotet rundt parallelklassordninga i fjor, vart at det ikkje kom nye nynorskklassar i byar der slike har koma kvart år. Det gjeld mellom anna Stavanger og Bergen. I tillegg til liten eller ingen informasjon om parallelklassordninga frå kommunane, fører dette til vanskar med å få oppretta nynorskklassar på bokmålsskular. Noregs Mållag har difor sett i gang ein kampanje andsynes bokmålskommunar der informasjon om m.a. parallelklassordninga vert drøft. Retten til å velja annleis opplæringsmål enn det som er vedteke for skulen, er knytt til opplæringslova, men retten er avgjerande for å etterleva offisiell norsk språkpolitikk i praksis. Dersom Noregs reelt skal vera ein tospråkleg stat, må det vera jamstelte vilkår for opplæring i både språka i skulen. Det vil sia at informasjonen om parallelklassordninga må vera knytt til informasjon om offisiell norsk språkpolitikk vel så mykje som praktiske og pedagogiske sider ved ordninga. I dei møta Noregs Mållag har hatt med bokmålskommunar om saka, har vi møtt mange positive reaksjonar på denne tilnærminga. Skal det vera von om å få ein verkeleg auka i talet på nynorskklassar i bokmålskommunar, er vi nøydde til å få kommunane til å spela ei langt meir aktiv rolle i informasjonsarbeidet.

Attåt dei vanskane klasseblandingane har skapt for arbeidet med å laga nye parallelklassar, har mange foreldre hatt problem med å få utlevert elevlistene. Datatilsynet har kome fram til at vilkåra for å utlevera elevlistene er endra etter at klasse vart bytt ut med gruppe i opplæringslova. På grunn av denne endringa, meiner Datatilsynet at *mengda* elevar på elevlistene har auka såpass mykje at skulane ikkje kan gje frå seg elevlistene utan at foreldra har godkjent slik utlevering. Påstanden frå Datatilsynet byggjer på ei grunnleggjande mistyding: Mengda elevar på elevlistene har ikkje endra seg i det heile etter endringa i opplæringslova: Foreldre som ynskjer starta nynorskklassar på bokmålsskular bed om

SKULEMÅLSRØYSTINGAR 2005 – 2006

Dato	Krins	Kommune	Røysteføre	Nynorsk	Bokmål	Vedtak
20.04.05	Røysing	Steinkjer	414	130	121	Ugyldig
01.06.05	Røysing	Steinkjer	414	126	181	Bokmål
12.09.05	Holet	Hol	588	221	71	Nynorsk
12.09.05	Ålgård	Gjesdal		359	306	Nynorsk
	Florø		4065	176	206	Nynorsk
16.02.06	Austerdalen	Kvinesdal	500	68	115	Bokmål
20.02.06	Oltedal	Gjesdal	570	131	107	Nynorsk

elevlistene på hausten eller tidleg i januar. På dette tidspunktet, over eit halvt år før det aktuelle skuleåret, har ingen skular laga inndeling i klassar eller grupper. Det vil seia at foreldra alltid har fått oversyn over *alle* elevar som skal til på den aktuelle skulen eller skulane. Noregs Mållag har fylgt opp saka.

Frå sidemålsåtak til samarbeid om ein inkluderande skule

POSITIV ENDRING HJÅ STYRESMAKTENE

Etter at Noregs Mållag var i til dels sterkt konfrontasjon med styresmaktene om det såkalla «osloforsøket» i 2004, har siste arbeidsbolken vore prega av mykje og godt samarbeid, også om sidemålsundervisninga i skulen. Mellom anna har direktøren i Utdanningsdirektoratet, Petter Skarheim teke initiativ til *Forum for nynorsk i skulen* der blant andre Noregs Mållag, LNK, Samlaget og Nynorsksenteret er med. Utdanningsdirektoratet har også meldt at dei vil sjå på organiseringa av sidemålsundervisninga med føremål om at sidemålsundervisninga tek til alt i barneskulen. Dette vil i tilfelle vera ein av dei største sigrane til nynorsken som skulemål på mange tiår. Det vil også stilla krav til store endringar i lærarutdanninga.

OVER 1000 ELEVAR I POSITIVE SIDEMÅLSFORSØK Den vidgjetne *åndalsnesmodellen* der bokmåselevar (heile klassar eller klassesteg) brukar alt skriftleg tilfang på nynorsk i eit anna fag enn norsk, har breidd seg vide ikring. I 2004 var det ni skular, både ungdomsskular og vgs som gjennomførte forsøket. I inneverande skuleår er det 14 skular som driv forsøket, medan 11 nye skular har meldt at dei set i gang frå hausten 2006. Til saman vil over 1000 elevar i Noreg vera med på forsøket neste skuleår. På dei fleste skulane er det meir enn éin klasse som er med i forsøket, sume skular også over fleire klassesteg.

Noregs Mållag har samarbeidd nært med lokallag, fylkeslag og Nynorsksenteret i Volda om så vel informasjonsarbeidet som rekruttering av nye skular til forsøket, både gjennom direkte kontakt med skulane og gjennom møte med kommuneadministrasjonane.

I november skipa Nordmøre Mållag eit regionalt seminar om *åndalsnesmodellen* der 26 lærarar, rektrar og skulebyråkratar frå 11 kommunar var til stades. Seminaret førde til at minst tre skular sette i gang med forsøket. Noregs Mållag arbeider med fleire fylkeslag for å skipa same seminar.

Eit viktig føremål med forsøket har vore å endra praksis og haldningar hjå skuleleiing og administrasjon på skulane. Ungdomsskulen og vgs skal i teorien bruka



Steinulf Tungesvik gjekk på som leiar på landsmøtet i Tromsø. Gro Morken Endresen held fram som dagleg leiar i Mållaget.
(Foto: Hege Lothe)

både nynorsk og bokmål, men i praksis ter skulane seg som om dei var éinspråklege. Gjennom *åndalsnesmodellen* utviklar skulane eit medvit om at dei skal bruka båe skriftmåla i så vel administrasjon som i alle skulefag. Dette er òg heilt i tråd med føremåla i Kunnskapsløftet: Alle lærarar skal vera norsklærarar. I desse forsøka ligg det eit stort potensial for ein meir inkluderande skule som femnar om norsk språk i full breidd.

«OSLOFORSØKET» I september 2004 godkjende Utdanningsdirektoratet at Oslo kommune sette i gang eit såkalla «forsøk» på ni vgs. «Forsøket» gjekk ut på at elevane skulle få høve til å velja bort opplæring i nynorsk. «Forsøket» braut med vedtak i Stortinget om sidemålsundervisninga i skulen. Over 800 elevar på dei ni vgs er med i «forsøket». Alle fagmiljø i landet har slakta tiltaket som useriøst og ufagleg. Difor vende kommunen seg til forskingsinstitusjonen NIFU-Step, ein institusjon som først erklærte at dei ikkje kunne ta på seg forskaransvaret av di dei mangla kompetanse, for deretter å ta på seg oppgåva med å forska på «forsøket».

«Osloforsøket» er inkje anna enn eit politisk forsøk for å svekkja statusen til nynorsk i skulen. Vesle jolaftan 2004 gjekk noverande leiar i KUF-komiteen på Stortingen, Ine Marie Eriksen ut i Verdens Gang og kalla forsøket ein «suksess». På det tidspunktet hadde *ingen* skular

sett i gang forsøket. Noregs Mållag vil fylgja «forsøket» nøye. Opp mot dette nynorskfiendslege tiltaket set vi opp dei positive sidemålsforsøka som er eit ekte forsøk for å styrkja det faglege nivået hjå elevane.

MÅLBYTE Eit klårt merke på endringar i haldninga til nynorsk hjå styresmaktene er synet på målbytet. Så vel den førre utdanningsministeren som noverande kunnskapsminister har uttrykt otte for det høge talet elevar som byter frå nynorsk til bokmål. Regjeringa ynskjer også idear og tiltak for å stoppa målbytet.

Det er mange og ulike årsaker til det etter måten høge talet elevar som byter til bokmål. Like fullt veit vi at terskelen for å byta vert halden lågt av mange skular sjølv. Mangelen på bruk av nynorsk i alle fag og som administrasjonsmål på ungdomsskulane påverkar statusen til nynorsk. Attåt dei generelle negative haldningane som finst mot nynorsk, verkar dei formelle og uformelle forboda mot nynorsk i media og næringsliv mykje inn på målvalet å elevar som veks opp med nynorsk i grunnskulen. Dess mindre elevane møter nynorsk utanfor skulen, dess lågare vert terskelen for å byta til bokmål. Dette viser at det er uråd å skilja skulemålsarbeidet frå det ålmenne målarbeidet. Til dømes er det sannsynleg at den positive kampanjen «Slepp nynorsken til» styrker sjølvkjensla åt nynorskelevar. Haldninga til nynorsk er



Gro Morken Endresen, dagleg leiar i Noregs Mållag og Halvor Fasting, frimerkedirektør, var begge stolte av det nye frimerket til Posten i høve 100-årsjubileet til Mållaget. (Foto: Hege Lothe)

sjeldan nemnande godt funderte og det viser seg at det skal lite til for å endra haldningane. Difor er arbeidet for å gjera t.d. ungdomsskulane tospråklege i praksis og gjera nynorsken synleg utanfor skulen avgjerande for å motarbeida målbytet frå nynorsk til bokmål.

I perioden har Noregs Mållag i samarbeid med lokal- og fylkeslag hatt møte med kommunar og fylke der vilkåra for nynorskelevar i skulen har vore drøft, m.a. i Hordaland. Slike møte har vore viktige og konstruktive for å setja i verk tiltak for å stogga målbytet.

NYNORSKSKULAR Nynorsk står sterkt som skulemål i dei fire vestlandsfylka og i delar av fjell-Noreg. Like fullt er det også store utfordingar for desse skulane. Det er rimeleg å tru at grunnlaget for at elevane anten held fram med nynorsk eller byter til bokmål, vert lagt alt i grunnskulen. Trass i at desse skulane er og har vore nynorskskular i mange tiår, er det ikkje visst at vilkåra for nynorskelevane er gode nok. Det gjeld til dømes tilgjenge til nynorsk barne- og ungdomslitteratur, nynorskvalifikasjonane til lærarane, tilgjenge og bruk av dataprogram og oppslagsverk på nynorsk osb. Noregs Mållag har motteke meldingar frå fleire barne-skular der det vert rapportert at lærarar ikkje meistrar nynorsk godt nok til å undervisa i nynorsk som hovudmål – og difor underviser på bokmål i staden. I tida som kjem, vert det ei viktig oppgåve for lokal- og fylkeslag å fylgja opp arbeidet andsynes nynorskskulane for å sjå til at elevane får den undervisninga dei har krav på.

I opplæringslova heiter det at foreldra kan velja kva språk lærebökene til borna skal vera på (unnateke norskfaget), uavhengig av kva hovudmål borna lærer. Det har ført til at på ein del nynorskskular får elevane undervisning i og opplæring på nynorsk, medan lærebökene deira er på bokmål. Dette skaper rimeleg nok ein svært kaotisk situasjon for lærarane og endå verre læringsituasjon for borna. Resultatet har somme stader vore at lærarane underviser i og på bokmål! Det er berrsynt at gjeldande lovverk er upedagogisk og dessutan undergrev føremålet med å vedta opplæringsmål for skulen. Noregs Mållag har difor gjort opptak andsynes styresmaktene om å endra lovverket slik at alle læremidla i barneskulen skal fylgja hovudmålet.

NYNORSK FOR VAKSNE INNVANDRARAR Våren 2005 sette Noregs Mållag i samarbeid med lokal- lag og LNK i gang ein kampanje andsynes kommunar som gjev norskopplæring til vaksne innvandrarar. Kommunane vart oppmoda om å gjera vedtak der dei kravde at staten tok ansvar i saka. Hovudproblemet til dess har vore stor skort på læremiddel for kommunar som ynskjer gje nynorskopplæring for vaksne innvandrarar. Etter at ei rekkje kommunar vedtok ei fråsegn om statleg ansvar for norskopplæringa for vaksne innvandrarar, har departementet fylgt opp saka. I november vart Noregs Mållag og ei rad organisasjonar og forlag



Studentmållaget i Oslo og BUL i Oslo gjekk med samiske flagg på 17. mai for å markera motstand mot det kommunale forbodet mot sameflagget på grunnlovsdagen. Aksjonen fekk stor merksemd på NRK1 og i fleire samiske aviser. (Foto: Erik Bolstad)

inviterte til ei samkome med Utdanningsdirektoratet for å drøfta saka. Resultatet av møtet vart ei kartlegging av situasjonen, dokumentasjon av trøng for læremiddel og ikkje minst kostnader til produksjon. Noregs Mållag har god von om at staten no tek det overordna ansvaret og syter for at alle vaksne innvandrarar som ynskjer det, kan få nynorskopplæring. Mållaget vil likevel i lag med LNK fylgja nøye opp andsynes styresmaktene.

FRITAK FRÅ NYNORSK Det er eit ålvorleg problem at mange tusen elevar i skulen får fritak frå evaluering og undervisning i nynorsk. Opplæringslova opnar for denne ordninga. I dei større byane, særleg i Oslo, vert mange tusen elevar frårøva sjansen til å læra nynorsk på grunn av opphavet sitt. I Oslo gjeld dette om lag ein tredel av alle elevane. Elevar som har innvandrarforeldre med såkalla 'framandkulturell bakgrunn' vert svært ofte aktivt oppmoda om å søkja fritak frå nynorskopplæring, jamvel om dei sjølv er fødde i Noreg, har vakse opp i Noreg og talar norsk likså godt som andre norske born. I tillegg til at dette er til ulempe for desse elevane når dei seinare skal tevla i arbeidsmarknaden, er det slett integreringspolitikk.

Ikkje sjeldan vert denne elevgruppa nytta av sidemålsmotstandarane: Det vert hevdat at denne ordninga med fritak frå sidemålsundervisning er ei diskriminering av dei som ikkje har høve til å søkja fritak. Dette er endå meir paradoksalt av di dei politiske kretene som skuver desse elevane framføre seg, på same tid arbeider mot å gje morsmålsopplæring for desse elevane.

Det finst ingen etablerte rutinar for å kvalitetssikra vilkåra for å gje slikt fritak. Elevar og foreldre får liten eller ingen informasjon om kva fylgjer det får å ikkje ha sidemålsundervisning. Noregs Mållag har spurt Oslo kommune om oversikt over kor mange som får slikt

fritak og kva rutinar som gjeld for å søkja fritak. Oslo kommune svara at dei ikkje veit korkje kor mange elevar dette gjeld eller kva rutinar som finst.

I offisiell tale vert denne elevgruppa jamt kalla «andregenerasjons innvandrarar». Ei meir korrekt nemning vore *fyrstegenerasjons nordmenn*. Det er meir i tråd med røyndomen og det vil endra biletet samfunnet har av denne elevgruppa. Dét kan igjen verka til at elevane i mindre grad vert offer for eit dårleg lovverk og får same sjansen som andre elevar til å læra nynorsk.

I samband med ei høyring om forskriftene til opplæringslova, sende Noregs Mållag ei fråsegn der det særleg vart peika på den vilkårlege praksisen for fritak frå opplæring og evaluering i sidemål.

MORSMÅLSOPPLÆRING Opplæringslova opnar for at elevar med anna morsmål enn norsk kan få opplæring i eige morsmål. Grunnlaget for denne ordninga er både pedagogisk og kulturpolitisk. For det fyrste viser det seg at elevar med anna morsmål enn norsk lettare lærer seg norsk om dei på same tid får utvikla og lært seg sitt eige morsmål. For det andre er det ynskemål at desse elevane skal få sjansen til å knyta seg til og utvikla ein kulturell identitet tufta på morsmålet deira.

Noregs Mållag står arbeidet for retten til morsmålsopplæring. Slik vi sjølv ser målreisinga som ei kulturpolitisk reising, er striden for morsmålsopplæring også ein strid for språklege og kulturelle rettar.

LÆRARUTDANNINGA Noregs Mållag har i fleire tiår kravt at lærarutdanninga skal ha eit heilt år med norsk. No tykkjест det som om styresmaktene vil fylgja opp dette. I inneverande stortingsperiode ynskjer Regjeringa å utvida lærarutdanninga til fem år, mot fire år no. Det er eit framsteg at det krevst minst karakteren 3 frå vgs for å koma inn på lærarutdanninga.

Kvart år vert tusenvis av lærarstudentar godkjende som kvalifiserte norsklærarar trass i at styresmaktene

og elevane sjølv veit at dei slett ikkje meistrar nynorsk godt nok. På nokre nynorskskular er stoda så ille at lærarane underviser i bokmål av di dei ikkje kan nynorsk. Lærarutdanninga i dag fører til at skulen får lærarar som korkje kan undervisa i eller grunngjeva kvifor elevane skal ha

nynorskopplæring. Resultatet er at elevane vender skytset mot den obligatoriske sidemålsundervisninga. Haldningsarbeidet må vera ein viktig del av lærarutdanninga, og for dårleg utdanning på det området er truleg skuld i ein del av dei negative haldningane i skulen. Det er difor avgjerande for framtida åt nynorskken at nynorskopplæringa vert kraftig styrkt i lærarutdanninga.

I perioden har Noregs Mållag halde tre nynorskurs på lærarutdanningane i Bodø, Volda og Kristiansand. Til saman har det vore over 200 studentar på desse kursa. Noregs Mållag mottek jamt førespurnader om å halda slike kurs og Mållaget har til no vurdert det rett å prioritera dei førespurnadene vi har fått. Meir prinsipielt og på sikt er det høgst problematisk at Mållaget skal brukha eigne personalressursar på å gje lærarstudentar ei fullverdig opplæring i nynorsk. På same tid viser etterspurnaden at studentane ynskjer nynorskopplæring i utdanninga si. Trass i at det finst svært mange og til dels sterke meiningar om den obligatoriske sidemålsopplæringa i skulen, er emnet fråverande i lærarutdanninga. Noregs Mållag vil arbeida mykje framover for at opplæring i nynorsk vert ein del av norskfaget i lærarutdanninga. Sameleis er det stor trøng for å draga røynslene frå m.a. dei positive sidemålsforsøka inn i norskfaget i lærarutdanninga.

LÆREMIDDEL Stortinget vedtok stortingsmeldinga «Kultur for læring» i 2004. Då vedtok Stortinget i same venda å oppheva unnataket for administrativ programvare på både skriftmåla. Trass i dette vedtaket i juni 2004, retta ikkje departementet opp dette i opplæringslova før våren 2006!

Til dess har det eksistert ein bokbransjeavtale som regulerer prissettjinga i bokmarknaden. No er bokbransjeavtalen oppheva og det eksisterer såkalla «fripris». Moderniseringsdepartementet var avventande til korleis opphevinga av bransjeavtalen skulle tolkast opp mot parallellitetskravet i opplæringslova, medan kulturdepartementet i Bondvik II var klår i tolkinga: Kravet om at læremidla skal finnast til same tid og pris gjeld uavhengig av oppheving av bokbransjeavtalen.

I tråd med den mykje meir positive haldninga hjå Utdanningsdirektoratet generelt, vart Noregs Mållag i lag med forlag og nærskylde tiltak inviterte til eit samråd i februar om læremiddelstoda. Her vart saka drøft i full breidd, irekna økonomiske råmer for produksjon av parallelutgåver. Det er eit ålvorleg problem at det ikkje finst noko offentleg organ som fører tilsyn over læremiddelstoda. I dette møtet bad Noregs Mållag difor om at Språkrådet får tilsynsoppgåva, ei rolle rådet sjølv meiner det bør ha. Trass i eit klårt lovverk mottek Noregs Mållag kvart år klager frå elevar, skular og kommunar om læreverk som anten kjem etter skulestart, eller i verste fall ikkje kjem i det heile. Vanskane deira er tyngre å rydda opp i all den tid det ikkje finst noko offentleg organ som tek ansvar for stoda.

Faksimile frå VG: Slepp nynorsk til-kampanjen skapte debatt på mange frontar. Her er det VGs teiknar som har kommentert kravet som nynorsk i avis.



Informasjonsteknologi og media

SLEPP NYNORSKEN TIL! På landsmøtet til Noregs Mållag i Tromsø 2005 vart mediekampanjen «Slepp nynorsken til! – opphev forbodet mot nynorsk i VG og Dagbladet» lansert. Allereie ved lanseringa av kampanjen var mange støttespelarar klare. Mellom underskrivarane var Jostein Gripsrud, Dag Solstad, Per Petterson, Dagfinn Høybråten, Åslaug Haga, Lars Sponheim, Karsten Alnæs og Gunnar Staalesen. Kampanjen var ei positiv oppmoding til dei to største tabloidavisene i landet om å oppheva det redaksjonelle forbodet mot nynorsk i spaltene. Mange av underskrivarane gav uttrykk for at dei var overraska over at det var eit redaksjonelt forbod mot nynorsk i VG og Dagbladet i heile. Pressomtalen om kampanjen let ikkje venta på seg. Dagen etter landsmøtet var det fyrste oppslaget på trykk i VG. Etter berre fem dagar hadde 8000 personar skrive under. Aviser, radio og fjernsyn på både riksnivå, regionalt og lokalt, skreiv om oppropet.

REAKSJONAR I AVISENE Redaktørane i VG og Dagbladet stod likevel på sitt. Dagbladet skreiv på leiarplass 21. april: «Språk er identitetsskapende, og Dagblad-språket har en tradisjon og en form som vi er stolte av; det sier noe om det jordsmonnet vi er vokst opp av, og om hvor vi tilhører. Slikt forandres ikke uten videre. Vi tror underskriverne kanskje mer enn andre forstår nettopp det.» Gudlev Forr sa i eit intervju med Dag og Tid at «det må vera orden på språket, elles blir lesarane forvirra». På eit møte med VG, etter at kampanjen vart avslutta, kunne ikkje redaktør i VG Bernt Olufsen koma med konkrete lovnader. Korkje han eller politisk redaktør Olav Versto, hadde likevel nokon prinsipiell motstand mot nynorsk i avisene. Om det skulle bli kommersielt interessant frå deira ståstad, ville dei vurdera saka på nytt.

Bergens Tidende, Stavanger Aftenblad og Nationen stødde alle opp om kampanjen på leiarplass. «Osloavisenes angst for nynorsk signaliserer mangel på kulturell åpenhet», skreiv Bergens Tidende på leiarplass 19. april.

Sjølv om redaktørane stod på sitt, er det tydeleg at aksjonen opna for meir nynorsk i desse avisene. 13. mai vart Olaug Nilssen intervjuaa av journalist Tone Rønning i Dagbladet - på nynorsk. Fjorten dagar etter vart Jon Fosse intervjuaa i same avis av same journalist. I intervjuet fekk han svara på nynorsk medan spørsmåla var skrivne på bokmål. Heile teksten vart avslutta med desse



orda: «For ordens skyld: Fosse er opptatt av ytringsfriheten. Vi har to skriftspråk. (journ.anm.). Dagen etter sa Dagbladjournalist Kjartan Brügger Bjånesøy at han gjerne vil skriva nynorsk, om han får lov til det.

Den sivile ulydnaden i VG kom litt seinare. 14. juni skreiv VG nynorsk på redaksjonell plass for fyrste gong etter kampanjen starta. Direktør i Språkrådet, Sylfest

Lomheim, var intervjuaa av Jon Selås om «Jorunn-effekten» på dialekten i Vennesla.

PRESSEDEKKING

Leiaren i Mållaget deltok i dei viktigaste debattprogramma i Noreg.

På RedaksjonEN på NRK1, 20. april, møtte han kulturredaktør Hege Duckert frå Dagbladet og kommentator Anders Giæver frå VG til debatt. I Dagsnytt 18 på NRK P1, 18. april, debatterte han mot ansvarleg redaktør i VG. Under debattane gjorde leiari Tungesvik poenget til Mållaget klårt: – Vi ynskjer å opne eit større rom for nynorsken, han skal ikkje vera trengt tilbake, nynorsken er eit bruksspråk for 500.000–600.000 menneske, så difor bør han vera til stades i desse store avisene som heile landet les.

OPPSUMMERING

Laurdag 22. oktober vart heile 36 000 underskrifter overleverte til Dagbladet ved Gudlev Forr. VG kunne ikkje møta denne dagen, men underskriftene vart overleverte på eit møte i november. Sjølv om saka enno ikkje er vunnen, har Mållaget det moralske overtaket gjennom den massive støtta frå mange hald. Noregs Mållag er svært nøgd med kampanjen. Han har synt at Noregs Mållag har offensive og positive saker. Kampanjen var vellukka fordi han kom med ei rettvis oppmoding som mange kjende seg att i, fordi han var konkret og fordi han handla om dei synlege symbola VG og Dagbladet. Avisene har mått ta inn over seg Mållaget sine argument og talet på underskrifter, gjennom at dei har kommentert kampanjen i spaltene sine og møtt oss til ei rekkje mediedebattar. Det har vore interessant å fylgja med på glidinga i argumentasjonen, frå blank avvising til famlande orsaking og tvil om det vil skje ei endring. Kampanjen Slepp nynorsken til! har på mange måtar skapt større sjølvstilling i eigen organisasjon og gjort synleg ein situasjon som mange meiner er feil. Mange har fått augo opp for at det er ein tvilsam språkpolitikk avisene held på med. Vi veit ikkje om avisene vil oppheva forbodet mot nynorsk på redaksjonell plass, men det er mogleg at Slepp nynorsken til! var starten på avslutninga av denne språkpolitikken.

INFORMASJONSTEKNOLOGI I mai 2005 lanserte Opera Software den norske versjonen av den nye nettsaren deira, Opera 8. Han kom både på nynorsk og bokmål. Opera Software fekk Målprisen frå Noregs Mållag allereie i 2000 fordi dei laga nettlesar på nynorsk. Mållaget sende ut eiga pressemelding der vi gav ros til Opera Software for å gjera programmet tilgjengeleg også for nynorskbrukarane når dei laga ny versjon. BKK Bredbånd A/S kunngjorde i september at dei hadde oppretta domenenamn på nynorsk. Tidlegare hadde privatkundar automatisk fått domenenamn hjemme.no. No fekk dei tilbod om heimstad.no eller heimtuft.no. Noregs Mållag meinte i ei pressemelding at det burde vera sjølvsagt at breibandverksemndene tilbyr nynorskdomene. I dag er det bokmål eller engelsk som dominerer. Norges Mållag er oppteke av at det vert arbeidd mykje og godt med å få nynorsk innanfor alle datamiljø. Difor legg Mållaget også vekt på kontakten med det frivillige Linux-miljøet.

PRESSE For nynorskbrukarar i nynorskområda er det avgjerande at lokalavisene har rammevilkår som gjer det mogleg å halda oppe utgjevingsfrekvensen og utvikle avisene vidare.

Med regjeringsskiftet kom det i det nye statsbudsjettet i år ein auke i pressestønadene. Men samstundes varsla Posten ein monaleg portoauke som særleg ramma avisene som kjem ut ein dag i veka. Særleg urovekkjande såg det ut for Dag og Tid. Dei meldte om ei dobling i portoen. Rett før jul kom det likevel lovnader frå regjeringshald om at dei mest utsette avisene ville få ein kompensasjon gjennom auka pressestønad i det reviderte statsbudsjettet. Dette kjem ikkje før i mai/juni og fram til då har avisene fått tilbod om å søkja om betalingsutsetjing på dei auka kostnadene.

Mediemållaget delte ut Nynorsk redaktørpris til Nationen i samband med Kringkastingsringens jubileumsseminar den 1. oktober 2005. Etter prisutdelinga har Nationen sjølv meldt om særslig positive attendemeldingar. Ei eiga meiningsmåling mellom lesarane syntet over 30 prosent av lesarane kunne tenkja seg meir nynorsk i avis. Fleire medarbeidarar skal ha uttrykt ynske om å byrja skriva nynorsk att etter fleire års «bokmålsasyl». I jubileumshelga til Mållaget valde dei å bruka heile fredagsmagasinet på nynorsken. Her var fleire nynorskfolk intervjua og alle sakene var skrivne på nynorsk. Endå til den faste vinspalta!

NRK Den 20. juni vart det skipa til møte med NRK saman med Kringkastingsringen. Dei viktigaste sakene på møtet var nynorsk i barne- og ungdomsprogram, nynorsk i Dagsrevyen og nynorsk teksting. NRK-leiinga var samd i kravet om meir nynorsk og dialekt i barne- og ungdomsprogram. Difor er fleire produksjoner no lagde til Tromsø, og Førde skal også produsera

ein serie. På dei andre områda var NRK-leiinga lite lydhøyre for kritikk.

I 2006 kunne NRK melda om tiltak for meir nynorsk på nettsidene sine. Dette har Kringkastingsringen etterlyst hjå NRK og no har NRK Nettkringkastar fremja fem punkt som kan føra til meir nynorsk på NRK.no.

Dei fem hovudtiltaka i prosjektet er:

1. Gjera om rammeverket på fleire seksjonar og tenester til nynorsk.
2. I samarbeid med Nynorsk mediesenter syte for å lære opp nettmedarbeidarar slik at dei blir sikre nok på nynorsk til å bruka det aktivt, sjølv om det ikkje er deira eiga målform. Målet er å sikra at artiklar som til dømes spring ut frå nynorske reportasjar, òg er på nynorsk når dei blir lagde ut på NRK.no.
3. Syte for at alle bestillingar har konkrete krav til nynorskbruk, og spesielt at journalistar i nynorsk-fylka nyttar målforma i 75 prosent av artiklane.
4. Gjera merksam på at vi har plikt til å bruka nynorsk på NRK.no og dei andre nye elektroniske mediekanalane våre, til dømes ved å skriva artiklar på internetsida vår.
5. Leggja fram framlegg til korleis vi kan få betre statistikk over bruken av nynorsk på NRK.no.

STARTSIDA.NO Den 20. mai vart www.startsida.no lansert på nett. Ho var ein komplett omsett versjon av den Startsiden.no som allereie låg på nett. ABC Startsiden er ein av dei mest brukte «portalane» i Noreg – ei kompakt og fyldig innhaldsliste over alt mogleg som finst på Internett og som du ofte treng, til dømes nyhende, vær, helse, mat, nettbutikkar, økonomi, oppslagsverk og underhaldning. Alle dei om lag 60 000 peikarane som ligg i emnekatalogen til startsiden.no, har fått omtalane sine omsette til nynorsk. I tillegg kan ein nyttja nynorsk skriftspråk i søkjemotorane (til dømes Google og Startsidens katalogsøk). Magasinet til Startsiden, Neste Klikk (www.nesteklikk.no), har òg ein eigen nyhende- og artikkelproduksjon på nynorsk.

Startsida har fått fleire interessante aktørar med seg på prosjektet, eit prosjekt som også er vorte tildelt økonomisk støtte av Innovasjon Norge. I tillegg til Noregs Mållag har Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) vist interesse for Startsida. Tenesta Nyno.no har arbeidd saman med Startsida for å finstille søkjemotorane slik at brukaren kan bruka nynorsk i søkjeboksane og få treff i både nynorsk- og bokmålsdokument.

I 2006 har Noregs Mållag eit samarbeid med Startsida om skrivetevinga si, mellom anna gjennom nettmøte på Startsida. Her kunne ein senda inn spørsmål om nynorsk og få svar.

NYNORSK LEKSIKON I det fyrste statsbudsjettet som den raud-grøne regjeringa la fram, løyvde dei 1,5 millionar kr til eit allment nynorsk leksikon på Inter-

nett. Endeleg fylgde regjeringa opp det som står i kulturmeldinga frå 2003, som stortingsfleitalet slutta seg til i 2004 og som også kom tydeleg fram i Soria Moria-erklæringa. Likevel er det framleis uklart kven som vil vinna anbodsrunden om leksikonet. Arbeidet med leksikonet kan ta til i 2006.

WIKIPEDIA Det frie opplysningsverket Wikipedia finst på nynorsk og over 200 andre språk. Dette er eit nett-leksikon der brukarane sjølv legg ut ny informasjon. Nynorsk Wikipedia vart etablert 31. juli 2004 og det har sidan den gongen vore ein jamn tilvekst av artiklar. Ved inngangen til 2006 hadde Wikipedia om lag 13 000 artiklar på nynorsk, i midten av mars var talet auka til 14 466. Opplysningsverket er godt oppdatert, og på somme emne er det brei og god informasjon. Førerebels er Wikipedia det beste nynorske oppslagsverket på Internett.

Næringsliv

Under parolen *nynorsk kvardag* arbeider Noregs Mållag i 2005-8 for at minst ei landsfemnande verksemder og ein landsfemnande organisasjon skal marknadsføra seg på nynorsk. Samstundes må Mållaget byggja opp kompetanse, kontaktnett og strukturar som kan sikra at arbeidet for meir nynorsk i næringslivet blir ført vidare som eit permanent arbeidsfelt.



På landsmøtet i Tromsø stod språkleg mangfold sentralt. Frå venstre: Ole Henrik Magga, heldt landsmøtetalen, Endre Brunstad presenterte Internasjonalt program for språkleg mangfold og Reza Rezaee fekk Målblomen.
(Foto: Marit Aakre Tennø)

Noregs Mållag har i arbeidsåret innleidd eit nært samarbeid om å synleggjera nynorsken med mellom anna startsida.no og eurofoto.no. Dette samarbeidet blir mellom anna synleg i jubileumsåret med desse to verksemdene som hovudsponsorar. Næringslivsheftet som vart laga i 2004, er brukt av nokre få lag til kontakt med lokale verksemder.

Noregs Mållag oppretta ein næringslivspris i 2005 som skal delast ut årleg til næringslivsverksemder som nyttar nynorsk som heile eller ein del av den språklege profilen. Noregs Mållag deler ut prisen fyrste gong hausten 2006. Alle typar næringsverksemder som ikkje er omfatta av mållova, kan få prisen, og alle kan koma med framlegg til kven som bør få prisen.

I arbeidsåret har Noregs Mållag engasjert seg i det offentlege ordskiftet om språkbruken i næringslivet. Stadig fleire norske verksemder som satsar internasjonalt går over til å nytta engelsk som hovudspråk, men Mållaget meiner at språket internt og til den norske marknaden til vanleg bør vera norsk. Dette handlar difor både om å hindra domenetap for norsk og om kvalitetssikring av sakshandsaminga i bedriftene.

Mållaget helsar den offensive språkstrategien frå Språkrådet velkommen, og gler oss over at Språkrådet også utfordrar næringslivet til å ta eit samfunnsansvar når det gjeld språk. Språkrådet kjem med utfall mot viktige private språkpolitiske aktørar og argumenterer for at det er «kulturelt og etisk forkastelig å bidra til at



Valgerd Svarstad Haugland og William Nygaard var på mottakinga til Mållaget. William Nygaard meldte seg like godt inn som medlem i Mållaget.
(Foto: Thomas Bjørnflaten)

nynorsken stenges ute fra nasjonale arenaer der både bokmåls- og nynorskbrukere deltar».

Noregs Mållag ser med glede på at Lerum i februar 2006 presenterte sin største reklamekampanje nokon sinne, på nynorsk. Det gjeld både materiell til butikkane og to reklamefilmar på TV 2 om ein ny generasjon Lerum Saft og Syltetøy med 20 prosent mindre tilsett sukker. Synnøve Finden nyttar også nynorsk i reklamefilmar, og Vossafår vert maknadsført på nynorsk.

Kulturpolitikk

BOKBRANSJEAVTALEN Den 18. mars 2005 sende Noregs Mållag ifrå seg ei høyringsfråsegn om bokavtalen. Det var ei høyring om unntak frå konkurranselova for bokomsetning. Noregs Mållag var særskilt uroa over korleis ein skal handsama retten nynorskelevar har til nynorske lærebøker til same tid, pris og stad som bok-

målsbøker. Denne retten er heimla i opplæringslova, og byggjer på prinsippet om jamstelling mellom dei to norske målformene. Ei endring av denne retten vil medføra eit dramatisk brot med norsk språkpolitikk. Noregs Mållag har tett dialog med mellom anna Samlaget. Noregs Mållag har bede om eit møte med kunnskapsministeren, kulturministeren og fornyingsministeren der konsekvensane for lærebøker til elevane vert drøfta.

PRISAR FRÅ NOREGS MÅLLAG På landsmøtet i Tromsø vart Nynorsk barnelitteraturpris 2004 delt ut. Prisen gjekk til Arnfinn Kolerud. Han fekk prisen for boka *Den som ikkje har gøynt seg no*. Han fekk også kritikarprisen for den boka. Arnfinn Kolerud fekk *Nynorsk barnelitteraturpris* for fyrste gong i 1996 for debutboka *Berre ikkje brøyteplogen kjem*. Kolerud var til stades på landsmøtet og tok i mot prisen på 15 000 kroner. Det er Noregs Mållag som deler ut denne prisen.

Nynorsk litteraturpris er eit samarbeidsprosjekt mellom Noregs Mållag, Det Norske Samlaget og Det Norske Teatret. Nynorsk litteraturpris vart ikkje delt ut for 2004 fordi det praktisk ikkje let seg gjera å få juryen til å fungere dette året. Nynorsk litteraturpris 2005 vil bli delt ut på landsmøtet i 2006.

På landsmøtet i Tromsø fekk Reza Rezaee målblome fra Noregs Mållag. Han fekk målblomen for arbeidet sitt for nynorsk i sidemålssaka i Oslo. Han er internasjonal leiar i SV, men det er som bystyrerepresentant for SV han har gjort ein viktig innsats for nynorsk. Reza Rezaee fekk målblomen for personleg å ha fylgt opp alle fasane i sidemålssaka i Oslo, stilt kritiske spørsmål, videriformidla synspunkt, og halda oss informert. Han har vore nynorskens mann i bystyret. «Eg fekk aldri høve til å læra nynorsk då eg kom til landet, men eg vil arbeida for at andre innvandrarar skal få den sjansen eg aldri fekk», sa mellom anna Reza Rezaee, i sin takketale.

Noregs største nettstad Startsiden.no vart på landsmøtet lansert i nynorskversjon. Espen Udland, administrerande direktør i ABC Startsiden, mottok målblome for dette prosjektet. Startsiden.no har i dag heile 600.000 brukarar. Og frå midten av mai kunne folk ta i bruk nynorskversjonen startsida.no

Kjartan Fløgstad vart tildelt Målprisen 2005 frå Noregs Mållag. Dette er styrets eigen målpris. Fløgstad gav ut boka *Brennbart* hausten 2004. I boka skulda han medievitaren Hans Fredrik Dahl for historieforgalsking. I band tre av Norsk Idéhistorie insinuerer Dahl at det var samrøre mellom Noregs Mållag og Nasjonal Samling under krigen. Dette skapte eit av dei heitaste ordskifta hausten 2004. Dette gav igjen grunnlag for eit meir ålment ordskifte om nynorsk og målstoda. Fløgstad har ein lang og interessant forfattarskap bak seg og har fleire gonger verka til viktige ordskifte for målsaka og nynorsk – både som forfattar og som samfunnsdebattant. Seinare på året, i juni 2005, fekk han også prisen

Årets nynorskbrukar frå Nynorsk kultursentrum.

I bystyret i Bergen er det fleire gode krefter som i 2005 gjekk saman for å få meir nynorsk i sakspapira til bystyret. Bergen kommune er språknøytral, og kan såleis ta i bruk nynorsk i mykke større grad. Varaordførar Kristian Helleland og Oddny Miljeteig, var sentrale bakspelarar då Bergen bystyre har handsama ein intellasjon for bruk av meir nynorsk i Bergen kommune og Bergen by. Noregs Mållag gav i november målblome til ordførar Herman Friile og byrådsleiar Monica Mæland for ei god og imøtekommende handsaming av spørsmålet om meir nynorsk i Bergen kommune. «Ein stor bykommune som Bergen gjev eit viktig signal til sitt eige omland og til resten av landet når ein vel å satse meir medvite på å syne att som ein by for både nynorsk- og bokmålsbrukarar. Det trur vi både Bergen kommune og nynorsken vil tene på,» sa Gro Morken Endresen, dagleg leiar i Noregs Mållag, då ho overrekte målblomen.

NORSK I HUNDRE! Det overordna målet er å sikra at nynorsk og bokmål blir brukt på alle område i samfunnet, og at norsk språk er det naturlege valet i alle situasjonar der det ikkje er nødvendig å bruka framandspråk. Dette er ein berebjelke i utgreiinga *Norsk i hundre!*, som eit utval oppnemnt av Språkrådet la fram 27. oktober. Med undertittelen; *Strategiar for vern om norsk i globa-*

liseringa si tid. I mandatet til arbeidsgruppa heiter det at framtida for norsk språk – til liks med andre europeiske språk – er utsikta. Med denne bakgrunnen har utvalet hatt i oppgåve å drøfta utfordringar, setja opp mål og skissera verkemiddel for den nasjonale språkpolitikken. «Skal norsk bli brukt på alle område i samfunnet i framtida, er vi avhengige av at det finst norsk terminologi og eit levande norsk fagspråk som kan fungera ved sida av det engelske på alle fagområde. Her er det nødvendig med ei vesentleg styrking av innsatsen frå samfunnet si side. Full jamstelling mellom nynorsk og bokmål må også i denne samanhengen vera det grunnleggjande prinsippet», heiter det utgreiinga *Norsk i hundre!*

Noregs Mållag helsar dette initiativet velkommen. Mållaget meiner at om språkpolitikk vert lyft opp på regjeringsnivå gjennom ei stortingsmelding, føyer Noreg seg inn i rekka av europeiske land som har ein offensiv strategi språkpolitikk. Vi høyrer heime på den banehalvdele. Noregs Mållag tykkjer det er gledeleg at Språkrådet også utfordrar næringslivet til å ta eit samfunnsansvar når det gjeld språk. Dette er ei sak Mållaget meiner er svært viktig.



Hallgrim Berg spela seljefløyte på jubileumsseminaret i gamle festsal på Universitetet i Oslo. Bak han sit ordstyrarane for seminaret, Eli Bjørhusdal og Unn Røyneland. (Foto: Hege Lothe)

Offentleg målpolitikk og målbruk

MÅLLOVSMELDINGA Regjeringa la fram Stortingsmelding 7 om målbruk i offentleg teneste, 16. desember 2005. Meldinga vart vedteken i Stortinget 16. mars. Meldinga ber bod om ei langt meir offensiv haldning for å få bukt med dei statlege organa som slit mest med å oppfylla mållova. Meldinga slår klårt fast at det er eit leiaransvar ved kvar institusjon å sikra ein forsvarleg nynorskbruk over tid, og at alle må laga seg rutinar for å sjå til at kravet vert fylgt. Meldinga tek difor til orde for å forskriftsfesta krav til rutinar for veksling mellom nynorsk og bokmål. Meldinga peikar også på at det står særleg därleg til med nettsidene og at desse må prioriterast høgt fordi dei er mykje brukte og lesne. Om ikkje regjeringa ser ei tilstrekkeleg god utvikling innan kort tid, vil ho vurdera om det må sanksjonar til for å få språkbruken på plass.

Noregs Mållag leverte høyringsfråsregn og var på høyring til kulturkomiteen 7. februar. Vi rosa meldinga for gode, offensive tiltak. Likevel peika vi på at det er problematisk at ein endå ein gong unnlet å ta stilling til spørsmålet om verkeområdet for mållova. Vi bad om at ein kjem raskt attende til den saka. Av andre saker gjorde vi merksam på at alle lovpropositionar bør leverast i utkast både på nynorsk og på bokmål. Einast slik kan ein sikra at saksordføraren reelt får høve til å velja målform sjølv, utan å verta møtt med t.d. argument om at tidspress ikkje opnar for å skriva om til nynorsk. Vi tok også opp at alle statlege bygg bør vera skilta både på nynorsk og på bokmål.

KLAGE PÅ SPRÅKBRUKEN I AGDER BISPEDØME Førre året var det språkstrid i Agder bispedøme. Etter samanslåinga mellom Telemark og Agder bispedøme, skulle språket i bispedømet vera nynorsk. Dette godtok ikkje bispen, som søkte Kultur- og kyrkjedepartementet om å få sleppa å skriva nynorsk. Departementet avslo søknaden og slo fast at bispedømet hadde praktisert bokmålsforma ulovleg.

I vinter sende Noregs Mållag formell klage til Kultur- og kyrkjedepartementet om saka. Vi sende med dokumentasjon på språkbruken det siste året som tydeleg viser at nynorsken vert motarbeidd. Vi har bede om å få departementet sitt syn på saka og vi har gjort framlegg om at departementet bør ha ei sterkare tilsynsrolle for å sikra at slike lovbroter ikkje skjer i framtida.

Den 9. mars i år var det nye medieoppslag om Agderbispen og målbruken. Då var han på veg til Kulturdepartementet for å spørja om lov til å sleppa å fylgia mållova. Det vart sjølv sagt avslag. Saka har etter kvart utvikla seg til ein skikkeleg farse, men diverre er ho like fullt i høgste grad ein realitet.

NOREG PÅ RIKSGRENSA

Endeleg vart Noreg synleggjort som eit tospråkleg land i arbeidsbolken vi har lagt attom oss. I samband med opninga av den nye bruva over Svinesund i juni, kom det opp skilt der det står Norge – Noreg. Skiltet er det offisielle skiltet som viser at ein har kryssa riksgrensa frå Sverige til Noreg. Mållaget har hatt saka oppe fleire gonger tidlegare, men ikkje vunne fram. No må vi få på plass slike skilt også på dei andre grenseovergangane våre. Slike symbolsaker er viktige for at nynorsken skal vera synleg som eit offisielt språk i Noreg og dei er viktige for sjølvkjensla til nynorskbrukarane.



WWW.TINGET.NO Hausten 2005 lanserte Stortingsnettsida www.tinget.no. Sida er laga for ungdom, med informasjon om Stortingen og arbeidet der. Noregs Mållag var raskt ute i media og kommenterte at nettsida ikkje har eitt ord nynorsk. Stortingen, og dimed Stortingsadministrasjonen som er ansvarleg for nettsida, er formelt heva over både mållova og andre lover. Like fullt synest Mållaget det er underleg og uheldig at ein så klårt neglisjerer nynorsken, særleg når nettsida så tydeleg er lagt opp til å kunna brukast i undervisninga mellom anna i den vidaregåande skulen.

WWW.MISIDE.NO Fornyingsdepartementet lanserte i haust nettsida www.minside.no, ein nettportal som samlar og gjer mange ulike offentlege tenester tilgjengelege på ei og same nettside. Departementet hadde diverre gløymt å kjøpa det nynorske domenet www.minside.no, og det vart oppdaga og kjøpt av Fjell kommune. Rådmannen der inviterte fornyingsminsteren på kaffi og har førebels lånt bort domenet. Departementet har fått melding om at nynorskbruken vil verta vurdert etter nokre månader. Om ikkje kommunen finn språkbruken god nok, vil dei ta domenet attende.

BERGEN KOMMUNE Bergen kommune er språkpolitisk nøytral, men har hatt eit internreglement som seier at ein skal bruka bokmål i intern sakshandsaming. Målfolk i bystyret har arbeidd med saka til og frå i femten år, og førre året var det møte med kommunen der også mållagsleiaren var med. Hausten 2005 losna det endeleg og Bergen kommune slo fast at dei ikkje berre ville sleppa til nynorsken, men legga godt til rette for nynorskbruk i kommunen. Denne snunaden var ein viktig milepåle for nynorsken sin status i «nynorsk-hovudstaden» Bergen. Noregs Mållag gratulerte Bergen kommune med eit klokt nynorskvedtak, gjennom å gje dei ein målblome hausten 2005.

Stortingsvalet

STORTINGSVALKAMPEN I framkant av dette stortingsvalet var det klart at valet kom til å vera viktig for nynorsken. Bondevikregjeringa hadde utfordra nynorsken kraftig på sidemålsspørsmålet og det ville difor vera veldig spennande korleis den nye regjeringssaman-setjinga ville sjå ut. Noregs Mållag avgjorde i framkant av valet at vi skulle leggja vekt på å få fram kva partia meiner om dei viktigaste nynorsksakene i valkampen.

Det vart sendt ut seks spørsmål til partia og svara som Mållaget fekk, har fått plass på midtsidene i Norsk Tidend. Det vart laga eit eige flygeblad med overskrifta Tenk nynorsk ved valet! Dette flygebladet hadde eit mindre opplag som vart delt ut av dei lokallaga i Mållaget og Målungsdomen som hadde stand i valkampen. Flygebladet syntet rett og slett eit oversyn over kva dei politiske partia meiner om viktige målsaker, og så fekk kvart enkelt parti poeng frå Mållaget. Desse svarta vil også vera nyttige for det målpolitiske arbeidet utetter stortingsperioden. Bergens Tidende laga eiga sak om poenggevinga frå Noregs Mållag, der det vart slege

fast at Senterpartiet og SV står best opp om sakene som Noregs Mållag er oppteke av. Nynorsk Pressekontor laga eit oppslag om partiutspørjinga som fekk fleire oppslag i lokalaviser. Det vart laga eit framlegg til debattinnlegg med overskrifta; Tenk nynorsk ved valet! Mange lokallag sende signerte lesarbrev med dette slagordet.

Noregs Mållag satser også på at Norsk Tidend skulle fungera som valkampavis, m.a. med mykje valkampstoff. Diverre kom avisat først sjølv valdagen til dei fleste medlemene, noko som sjølv sagt var uheldig og gjorde at avisat mista den funksjonen.

Fleire enkeltsaker fekk merksemrd ved valet. Dei viktigaste var knytte til partiet Høgre.

Den 27. juni 2005 lanserte Høgre sine hovudsaker i valkampen. Partiet ville fjerna obligatorisk sidemålsundervisning på alle klassessteg, og svekkja mållova om rett til å få svar frå staten på sitt eige mål. Same kveld vart Gro Morken Endresen intervjuat på Kveldsnnytt på NRK1. Ho sa at Noregs Mållag ser dette som eit såpass kraftig åtak på nynorsken at Mållaget vil vurdera å be nynorskfolk om å lata vera å røysta Høgre. Saka fekk mykje merksemrd i fleire avisar og svært mange leiarskribentar meinte at Noregs Mållag ikkje lenger burde ha tolmod med Høgre. Stortingsrepresentant Petter Løvik gjekk ut i Sunnmørsposten og sa at han ville mælda seg ut av Noregs Mållag. Noregs Mållag sende ut lesarbrev om emnet og var 8. august i møte med Høgre om nettopp målpolitiken til Høgre. Der møtte Hallgrím Berg, Steinulf Tungesvik og Gro Morken Endresen for Noregs Mållag. Møtet gjorde det klart at Mållaget og Høgre er usamde om dei viktige målpolitiske sakene knytte til sidemålsundervisning og mållova. Det var ein god tone på møtet, men det kom ikkje nokon lovnader frå Høgre om å koma attende til sine tidlegare målpolitiske standpunkt.

Unge Høgre satser nok ein gong på ein valkamp med skarpe utfall mot sidemålsopplæringa. Denne gongen gjekk dei over streken, særleg fordi Unge Høgre-leiaren i Hordaland valde å brenna

Tenk nynorsk ved valet!

Nynorsken er i framgang. I avisar og media er nynorsk meir brukt enn nokon gong. Likevel vert vilkåra for å lære og bruke nynorsk stadig sett under press. Difor vil vi at du røystar på eit parti som har ein god politikk for nynorsk. Her er poengguiden frå Noregs Mållag.

	FrP	H	KrF	V	SP	AP	SV	RV
Vil partiet støtte obligatorisk opplæring og vurdering i skriftleg sidemål slik ordninga er i dag, og vil partiet støtte forsøk med betre obligatorisk sidemålsundervisning i komande stortingsperiode?	Nei	Nei	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Vil partiet støtte utviding av verkeområdet for mållova slik at ho vil gjelde statlege føretak som Posten og NSB?	Nei	Nei	Nei	Ja	Ja	*	Ja	Ja
Går de inn for tiltak som sikrar at lærebøker på nynorsk kjem til same tid og pris som bokmålsutgåvene, no når bokbransjen blir liberalisert?	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Vil partiet løyve midlar til nynorske lærebøker for voksne innvandrarar?	Nei	*	*	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Vil partiet løyve midlar til nynorsk nettleksikon frå 2006?	Nei	*	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja	Ja
Har partiet valprogram på nynorsk?	Nei	Ja	Ja	**	Ja	Nei	Ja	**
POENG	1	3	4½	5½	6	4½	6	5½

* = vil vurdere ** = berre på internett

Partia har sendt utfyllande svar til Noregs Mållag. Les svara på valkampsida på www.nm.no eller få dei tilsendt ved å ringe 23 00 29 30.



Noregs Mållag laga eit eige flygeblad med tips om nynorskvenner og -fiendar blant partia til Stortingsvalet.

ei nynorskordliste i ein reklamefilm. Mange miljø kritiserte Unge Høgre og Høgre etter valkampen og meinte dei gjorde det därleg i valet mellom anna på grunn av dei simple og vulgære utfalla mot nynorsken.

Talemål og skriftmål

BIBELMÅLET Etter innspel frå medlemer i organisasjonen, engasjerte Noregs Mållag seg i spørsmålet om bibelspråket våren 2005. Saka kom opp fordi Det Nye Testamentet skulle reviderast og Bibelselskapet gjekk på sume punkt inn for ei kraftig endring av nynorsken, både i ordval og skrivemåtar.

Noregs Mållag sende brev til Bibelselskapet der vi peika på ein del prinsipp vi meinte burde liggja til grunn for språkvurderinga, og som støtta opp om ein konklusjon om at endringane («moderniseringa») burde vore færre. Mellom anna peika vi på at nynorsken skal normerast på sjølvstendig grunnlag, og at tilnærming til bokmålet er uaktuell politikk også frå styresmaktene. Vi meinte også at det var rom for å dekkja trangen for «modernisering», t.d. stilistisk, utan at det trong å få sterke konsekvensar for rettskrivinga. I ein periode der nynorsken er i ferd med å konsolidera seg, ville det vera påfallande med radikale rettskrivingsendringar, hevda

VÅR FAR I HIMMELEN!

MILLENNIUM

Lat riket ditt koma

*Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjев oss i dag vårt daglege brød,
og tilgjev oss vår skuld,
slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.
Og lat oss ikkje koma i freistung,
men frels oss frå det vonde.
For riket er ditt og makta og æra i all øeve.
Amen.*

Det Nye Testamentet vart revidert i 2005 og Bibelselskapet gjekk på sume punkt inn for ei kraftig endring av nynorsken, både i ordval og skrivemåtar. Her er «Fader vår» i modernisert versjon.

Mållaget. Vi kommenterte ein del konkrete ordval særskilt, og er glade for at somme av innvendingane våre vart tekne til fylgje, sjølv om vi gjerne skulle ha sett færre språklege endringar enn den nye utgåva til slutt fekk.

DIALEKTAR Noregs Mållag sentralt har ikkje funne tid til å prioritera dialektarbeid dette arbeidsåret. Styret konkluderte tidleg med at mest all arbeidsinnsats i ein lang periode måtte liggja på mediekampanjen og på arbeidet med jubileumstilstskipingar. Dialektperspektivet har likevel vore framme, m.a. i arbeidet for å få meir dialekt og nynorsk i barne- og ungdomsprogram i NRK. I den samanhengen har Noregs Mållag argumentert for å flytte fleire fjernsynsproduksjonar ut frå Oslo, t.d. til Førde og Tromsø.

Styret hadde saka oppe på styremøtet i mars 2006, der ein drøfta strategiar for dialektarbeidet framover. Vonleg vil det gje resultat i større innsats i komande arbeidsår.

Internasjonalt arbeid

I arbeidsperioden har internasjonalt utval hatt tre møte. Leiaren for utvalet, Endre Brunstad, bad om å bli friteken for leiarvervet vinteren 2006. Trond Trossterud har overteke leiarvervet, medan Brunstad no er vanleg medlem i utvalet.

Utvalet har dette året arbeidd med programmet den internasjonale konferansen som er planlagt i Bergen hausten 2006, som ein av jubileumstilskipingane til Mållaget.

Noregs Mållag 100 år

Natta mellom 4. og 5. februar 2006 var det 100 år sidan Noregs Mållag vart skipa. Den gongen kom 137 utsendingar frå heile landet, så nær som Troms og Finnmark, saman til målstemna i Oslo. 3.-5. februar 2006 samla målfolk frå alle fylka i landet seg i hovudstaden for å feira landssamskipnaden og det Mållaget har stridd fram desse 100 åra. Vi feira nynorsken som språk og vi feira alle delar av organisasjonen. Ei feiring av mållaga i bygd og by, av dei ihuga målkvinnene og -mennene som har vore og som er Noregs Mållag.

Hovudmålsetnaden for jubileet er at det etter 2006 skal verta enno enklare å vera nynorskbrukar. For å få dette til må vi arbeida for å få nynorsken inn på fleire område der språket er synleg i kvardagen til folk. Det vil seia i riksavisene, i næringslivet, kanskje særleg matvarekjedene og det vil seia å betra nynorskopplæringa i skulen og å starta opplæringa tidlegare. Ut i frå desse måla sette styret tidleg opp fire målgrupper som dei ynskjer å nå dette året: *medlemene våre, dei ålment kulturneinteresserte, den unge, uorganiserte nynorskingen og skuleeleven.*

Styret heldt fram arbeidet med 100-årsjubileet frå fyrste styremøtet og arbeidsutvalet overtok ansvaret som hurtigarbeidande jubileumsnemnd etter landsmøtet. Arbeidet vart òg prioritert opp på skriverstova og gjennom året har fleire vorte hyrde inn i engasjement for å arbeida med ulike delar av feiringa.

Styret har hatt jubileet oppe som punkt på alle styremøta i perioden og arbeidet har òg vore emne på landsrådsmøta. På møtet hausten 2005 var det sett av tid til både innleiing og gruppearbeid på punktet. Som resultat av ordskifta på landsrådsmøtet og ordskiftet på haustseminaret, vart det utarbeidd ein kulturpakke som gjekk ut i laga som lagssending i oktober. Denne pakken inneheld tips og idear til jubileumsaktivitetar lokalt, tips om finansiering og framlegg til kulturprogram som føredrag, konsertar og liknande som laga kan tinga. Kulturpakken vart òg lagt ut på heimesidene til Noregs Mållag, og skal oppdaterast gjennom året med idear og framlegg som kjem inn.

Fleire fylkes- og lokallag har òg hatt lokale samlingar der dei har hatt mållagsjubileet som emne og har lagt planar for lokal jubileumsfeiring i 2006. Dei tilskipingane sentrallekken hadde fått melding om i januar, er trykte i jubileumskalenderen i jubileumsheftet.

SAMARBEIDSPARTNARAR Det er eit nært samarbeid med nærskyldne tiltak i samband med jubileet og feiringa har vore oppe til ordskifte i Nynorsk forum. Det vart halde eit møte med alle dei nærskyldne tiltaka som var tilstades under Dei nynorske festspela i Ørsta i juni.

Ottar Grepstad skreiv den flotte boka *Viljen til språk. Ei nynorsk kulturhistorie*. Ho vart lansert i samband med opninga av jubileet til Noregs Mållag fyrste veka



Festvertar frå Vinje i Telemark. Yasmin Syed og Åsmund Nordstoga var flotte festvertar for mottakinga.
(Foto: Thomas Bjørnflaten)

i februar. Med utgangspunkt i boka har Grepstad òg sett saman eit rikt illustrert kåseri som han reiser rundt i lokallaga med i år. Han kallar kåseriet Ivar Aasens store alvor – og vår tids glede.

Nynorsk kultursentrum har òg laga vandreutstillinga *Viljen til språk. Mange røyster – felles mål* som vil reisa rundt i Noreg i år. Vandreutstillinga har vorte laga i to eksemplar. Frå utstillinga vart opna i februar, har ho stått på Aasentunet og Det Norske Teatret. Etter dette skal utstillingane vandra rundt omkring i Noreg gjennom heile jubileumsåret. I tillegg til dette samarbeider Nynorsk kultursentrum og Noregs Mållag om Dei nynorske festspela i 2006.

Ved viktige høgtider er Det Norske Teatret ei flott storstove for nynorsken i Oslo. Fredag 3. februar heldt Noregs Mållag jubileumsmottaking i Det Norske Teatret i Oslo, og fredag 28. april i samband med landsmøtehelga set DNT og NM opp ei festframstilling på hovudscenen på teatret.

Noregs Mållag samarbeider òg med Målrock i Årdal om tilskipingar i 2006. Det eine er at Noregs Mållag vil markera seg spesielt under Målrock i Årdal 10. – 12. august 2006. Den andre planen er at Målrock og Noregs Mållag, saman arbeider for å få til Målrock i Bergen seinhausten 2006.

Det vil bli laga ein internasjonal konferanse med undertittelen: Internasjonalt perspektiv på målreising. Konferansen vert i Bergen frå 10. til 12. november. Samarbeidspartnarar for konferansen er Nordisk institutt ved Universitetet i Bergen og Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda.

Noregs Mållag har sett i gang ei skrivetevlaing for elevar i ungdomskulen og vidaregåande skule. Oppgåveteksten er *Språket mitt*. Det er sendt ut invitasjon til skrivetevlinga til alle ungdomsskular og vidaregåande skular i landet, og saman med Språkrådet er det skipa til tre nettmøte der ungdom kunne stilla spørsmål om språk og skriving i samband med tevlinga. Ein jury samansett av Gudrun Kløve Juuhl, Gudleiv Forr og Torlaug Løkensgard Hoel skal plukka ut vinnarar frå

både skulestega, og desse vert kåra under dei nynorske festspela til sommaren. ABC Startsiden, Eurofoto AS og Komplett Data as stiller opp med flotte premiar til vinarnane.

Noregs Ungdomslag har kvart år ein spørjekonkurranse som heiter Kven veit? I høve mållagsjubileet var emnet i år språk. Det er ungdomslaga som melder på lag og i år er det påmeldt heile 75 lag i seniorklassen og 27 lag i juniorklassen. Noregs Ungdomslag har i medlemsbladet Ungdom hatt eigne tekstar om den felles barndomen til Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag og om språkspørsmål.

Norsk Ordbok tilbyr skuleelevar eit opplegg med open dag og omvising som ein lekk i jubileet vårt. Tilbodet vil av praktiske grunnar nok avgrensa seg til å nå ut til skuleelevar på det sentrale austlandet. Noregs Mållag set stor pris på tiltaket og vonar det vert vellukka.

ØKONOMI Med regjeringsskiftet fylgte det ei jubileumsgåve på 500 000 kroner med statsbudsjettet. I tillegg til dette har jubileet to hovudsponsorar, Eurofoto AS og ABC Startsida.no. Mange lokallag og næringstiltak har kjøpt helsinglysingar i Norsk Tidend, og lysningsarbeidet held fram utover året. Fleire lag har òg løyvt store pengegåver til mållagsjubileet, og i skrivande stund ynskjer styret å takka Mållaget i Kristiansand, Bondeungdomslaget i Oslo, Nordmøre Mållag, Hordaland



Nils Ulvund, fungerande leiar i Noregs Mållag og kong Harald har funne tonen. (Foto: Thomas Bjørnflaten)

Mållag, Naumdøla Mållag og Meland Mållag for gåvene. Jubileumsåret vert eit økonomisk lyft for Mållaget, men styret ser det som viktig å markera Noregs Mållag i jubileumsåret.

JUBILEUMSPROFIL OG INFORMASJONSARBEID Ein av målsetnadene med jubileet er å gjera Mållaget og nynorsken synlege. Difor er det òg laga ein eigen jubileumsprofil som skal gå att i alt tilfanget som vert laga i 2006. Norsk Tidend har òg fått ny bladbunad i samband med jubileet. Her finn ein att element frå tidlegare bladbunader og fontar som avisar har hatt opp gjennom tidene. I tillegg har avisar fått ein friskare og meir tidsrett utsjånad. På innhaldssida er det òg introdusert nokre nye spalter og spaltistar. Fyrsteutgåva i 2006 var i hovudsak vigg til jubileet med ei brei dekking av jubileumshelga 3.-5. februar.

Det er laga eit eige presentasjonshefte for Noregs Mållag til jubileet. I dette heftet er det informasjon om skipinga av Noregs Mållag, kvifor Mållaget vil at folk skal skriva nynorsk i dag og eit oversyn over tilskipingar som skal gå føre seg sentralt og lokalt i 2006.

Det er òg laga eit eige verveflygeblad for jubileet, saman med plakatar. Alt dette kan tingast gratis frå skrivarstova til Noregs Mållag. Det er planlagt eit nytt programhefte som skal koma ut i høve landsmøtet. Dette heftet skal innhalda endå fleire tilskipingar lokalt.

Skrivarstova arbeidde godt med blestinga av jubileumsstarten og pressedekkinga vart overveldande. Pressa viste særleg stor interesse for mottakinga på Det Norske Teatret og eit samla pressekorps var tilstades og medieoppsлага vart mange.

JUBILEET SÅ LANGT 26. januar var det felles presstilstelling mellom Posten og Noregs Mållag. Då presenterte frimerkedirektøren, Halvor Fasting, jubileumsfrimerket som Posten har laga til ære for Noregs Mållag. Teksten på frimerket, *Tanke og draum er himmelske køyrety*, er henta frå Olav H. Hauge. Det er Stian Hole som har gjeve form til merket. Frimerket er eit seksknopersmerke og er i sal over heile landet.

Sundag 29. januar opna Nils Ulvund vandreutstillinga *Mange røyster – felles mål* i Nynorsk kultursenter.

Måndag 30. januar heldt Noregs Mållag pressekonferanse på nynorskpubben Bar og Cigar i Oslo og la fram programmet og visjonar for 100-årsjubileet. Nils Ulvund, Eli Bjørhusdal og Gro Morken Endresen leidde pressekonferansen. Det var eit godt oppmøte frå pressa med ANB, NPK, Dag og Tid, bladet Utdanning og Scanpix.

Fredag 3. februar offentleggjorde Nynorsk pressekontor ei meiningsmåling dei har gjort i samband med jubileumsstarten. Målinga syner at 4 av 10 vil ha meir nynorsk i tabloidavisene.



Flotte målkvinner på jubileumsfest! Fra v.: Anne Berit Strømmen Strand, leiar i Valdres Mållag, Aud Søyland, tidlegare leiar i Norsk Målungdom og Kirstine Prestmoen Tallerås, leiar i Austmannalaget. (Foto: Erik Bolstad)

Fredag 3. februar inviterte Noregs Mållag til festmottaking i Det Norske Teatret. Her møtte kong Harald, kronprins Haakon, kulturminister Trond Giske, fornyingsminister Heidi Grande Røys, representantar for det offisielle Noreg og andre inviterte gjester. Til saman var nær 200 personar tilstades under mottakinga. Olaug Nilssen heldt festale, kulturminister Trond Giske helsa, Jon Fosse, Karl Seglem og Håkon Høgemo las og spelte. Mottakinga vart leidd av Yasmin Syed og Aasmund Nordstoga. Etter mottakinga var det uformell samling i bilbibliotekbaren på Hotell Bristol.

Laurdag 4. februar var det jubileumsseminar i Gamle festsal på Universitetet i Oslo. Over 200 deltakarar fekk høyra innleiingar av Eli Bjørhusdal, Knut Kjeldstadli, Jens Johan Hyvik, Aase Norunn Digernes, Oddmund Løkensgard Hoel, Ottar Grepstad og Valgerd Svarstad Haugland. Saman med skriftstyret i Mål og Makt vil Noregs Mållag gje ut eit hefte der alle innleiingane frå dette seminaret vert samla.

Sundag 5. februar tok Tron Øgrim målfolk i Oslo med på byvandring til kjende og ukjende stader for nynorsken i Oslo.

Kven er det som drøymer meg
ut av den rolege svevnen
Vekkjer meg opp
til ein ukjend lengt

Samskipnaden

Lag og medlemer

Medlemsutviklinga har dei siste åra vore slik (betalande medlemer 31. desember):

	<i>Medlemer</i>	<i>Endring</i>	<i>Tilgang</i>	<i>Fråfall†</i>	<i>Fråfall*</i>
1994	11 582	- 144			
1995	10 820	- 762			
1996	11 113	+ 293	487	-194	
1997	10 826	- 287	566	-853	
1998	10 852	+ 26	691	-665	
1999	11 046	+ 194	775	-581	
2000	11 001	- 45	539	-584	
2001	10 883	- 118	476	-594	
2002	10 588	- 306	658	-688	-276
2003	10 329	- 259	491	-731	-235
2004	10 141	- 188	452	-461	-197
2005	10 162	+ 21	675	-487	-167

† Utmeldingar og avlidne

* Har ikkje fornøya

Medlemstalet gjekk opp med 21 medlemer (0,2 prosent) i 2005. Medlemstalet for 2005 er med det 10 162. Medrekna medlemene i Norsk Målungdom er medlemstalet 11 882, opp 313 frå i fjor.

Det er registrert fødeår på 52,9 prosent prosent av medlemene, og gjennomsnittsalderen er no 58,2 år, ein oppgang frå 57,9 år i førre årsmelding.

Praksisen med medlemsregistreringa er slik at medlemer som ikkje betaler, blir ståande i registeret og får tilsendt medlemspengekrav og Norsk Tidend i tre år. Deretter vert dei sletta. Dei som ikkje har betalt, er med på medlemslistene som lokallaga får tilsendt, slik at laga kan ta kontakt med dei, men dei vert sjølv sagt ikkje rekna med i det offisielle medlemstalet. Det er no 12 012 namn i medlemsregisteret. Dette inkluderer mellom anna tingarar på Norsk Tidend.

VERVEARBEIDET Både fråfallet og vervinga har auka i år. Frå 1. januar 2005 til 31. desember 2005 fekk vi 854 (2004: 565) nye medlemer. Av desse har 675 betalt medlemspengar til no. I perioden 1. januar - 2. mars 2006 er det verva 105 nye medlemer.

Norskdomslaget i Porsgrunn hadde 45 medlemer i 2004, og laget var utmeldt i 2005.

Mykje av nyvervinga skjedde i samband med kampanjen «Slepp nynorsk til». Vi kan til dømes sjå det høge talet på nyvervingar i juni 2005, ein månad mange lag hadde aksjonar.

VÅREN 2005 sette Noregs Mållag i gang mediekampanjen Slepp nynorsk til! Kravet var å få nynorsk i VG og Dagbladet. Oppslutninga var overveldande og heile 36 000 personar har skrive under på kravet!

KVAR DAG HØYRER DU nynorsk og dialektar på NRK, TV 2, P4 og Kanal 24. Du kan lese nynorsk i heile 87 aviser. Dessutan har nynorsk ein eiga vekeavis som heiter Dag og Tid.



Mediemållaget er eit av dei viktige yrkesmållaga i Mållaget. Her er delar av styret i april 2005. Frå venstre: Judith Littlehamar, varamedlem Ingvild Bryn, Marit Rivedal, Knut Åge Teigen og Inger Johanne Sæterbakk, som er leiar i laget.

(Foto: Hege Lothe)

VERVESTATISTIKK PR. MÅNAD

	Innmelde	Har betalt medl.peng.	
Januar 2005	113	107	95 %
Februar 2005	66	57	86 %
Mars 2005	109	74	68 %
April 2005	65	47	72 %
Mai 2005	37	31	84 %
Juni 2005	172	133	77 %
Juli 2005	29	25	86 %
August 2005	46	41	89 %
September 2005	28	21	75 %
Oktober 2005	78	46	59 %
November 2005	72	59	82 %
Desember 2005	55	44	80 %
Januar 2006	73	32	44 %
Februar 2006	36	3	8 %

Dette gode vervearbeidet gjorde nok at ein fekk for høge voner om kor mange nye medlemer ein skulle klara å få inn i løpet av året, og effekten vart nok ikkje like sterk som vi hadde vona.

Mange lag har gjennomført eigne vervekampanjar. Laga med flest nye medlemer i perioden 1. januar til 31. desember 2005 er:

	Innmeldt	Betalt
0401 Bondeungdomslaget i Oslo	58	57
1003 Bergen ungdomslag Ervingen	33	31
0405 Oslo Mållag	46	30
1013 Stord Mållag	23	22
0808 Hå Mållag	33	21
0303 Hemsedal Mållag	21	20
1602 Bondeungdomslaget i Nidaros	21	20
0308 Ål og Torpo Mållag	26	15
1002 Arna Mållag	16	15
9703 Juristmållaget	20	15
1028 Bergen Mållag	23	13

Lokallaga har jamleg fått tilsendt oppdaterte medlemslister for å kunnna fylgja med på vervinga.

LOKALLAG OG FYLKESLAG For 2004 mottok skrivarstova årsmelding frå 108 lag og 18 fylkeslag. For 2003 var tala 128 og 17.

Denne nedgangen i leverte årsmeldingar er dramatisk, og det er svært viktig å få orden på dette. Per 3. mars 2006 var det levert 30 lokallagsårsmeldingar og 1 fylkeslagsårsmelding for 2005.

Somme aktive lokallag sender ikkje inn årsmelding, noko som gjer at dei ikkje får nyttar dei demokratiske rettane sine i samskipnaden. Mange lag får heller ikkje utbetalt medlemspengar dei har til gode pga manglande innsending av årsmeldingar.

Hå Mållag, Kvinesdal Mållag og Sykkylven Mållag er oppattskipa i perioden. Ni lag er med både i Noregs Mållag og Noregs Ungdomslag.

STUDIEARBEID OG LEIARTRENING Noregs Mållag er ein av 23 medlemsorganisasjonar i Folkekulturforbundet. I 2005 hadde vi registrert 193 studietimar, fordelt på 8 kurs i ulike lag. I 2004 hadde vi 289 studietimar. Det er framleis slik at det meste av studiearbeidet laga driv med, ikkje vert rapportert inn til Folkekulturforbundet. Det har vore sendt ut innmeldingsskjema for studieringar og studietiltak til laga. Det har ikkje vore laga nye studieplanar i perisoden.

LANDSMØTET 2005 Landsmøtet i 2005 vart halde i Tromsø 15.- 17. april. Det var påmeldt 171 utsendingar, observatørar og gjester.

Hovudfokuset på landsmøtet var kampanjen «Slepp nynorsken til», som tok til medan landsmøtet var i gang.

Landsmøtetalaren var Ole Henrik Magga, som heldt talen «Samisk og nynorsk i eit globalt perspektiv». Kjartan Fløgstad fekk målprisen, medan Reza Rezaee og startsiden.no fekk målblomar. Det var seminar om Grannespråksforståing i Norden ved Arne Torp, om Mediekampanje ved Tormod Strømme, Nordnorsk mål- og kulturreising ved Magne Heide og Næringslivsarbeid ved Dag Aanderaa.

Det vart vedteke eit Internasjonalt program for språkleg og kulturelt mangfald, og eit nytt arbeidsprogram for 2005-2008.

Ei anna viktig sak var regionaliseringsspørsmålet, der landsmøtet drøfta organisatoriske fylgjer av innstillinga til regionaliseringsutvalet.

Bergen er best!

Kampen mellom Oslo og Bergen har vore jamn og hard, men Bergen drog ifrå i innspurten. Mellom kommunane i tabellen er det Hareid som har den høgaste prosenten. Vi gratulerer! Men det utelukkar ikkje at det kan vera andre kommunar som har fått ein like høg prosent av folketalet.

Kommune	Tal namn	Av folketalet
1. Bergen	3355	1,4 %
2. Oslo	3088	0,6 %
3. Førde	935	8,4 %
4. Stord	800	4,8 %
5. Trondheim	757	0,5 %
6. Ørsta	705	6,9 %
7. Stavanger	686	0,6 %
8. Sogndal	642	9,6 %
9. Volda	628	7,5 %
10. Voss	595	4,3 %
11. Lindås	511	3,9 %
12. Kristiansand	471	0,6 %
13. Hareid	450	9,8 %
14. Sunndal	445	6,0 %
15. Ålesund	413	1,0 %
16. Tromsø	396	0,6 %

AKSJONSDAG / MEDIEKAMPANJEN På landsmøtet i Tromsø starta Noregs Mållag kampanjen «Slepp nynorsken til! Opphev forbodet mot nynorsk i VG og Dagbladet!». Kampanjen fekk ein eventyrleg omtale i media, og heile 10 000 menneske skreiv under oppropet den første veka. Etter kvart byrja heile organisasjonen vår å engasjera seg i kampanjen, og då han vart avslutta 22. oktober, fekk Gudleiv Forr frå Dagbladet overrekt heile 36 000 underskrifter!

Dette er kanskje ei av få saker sidan læremiddeldemonstrasjonane i 1974 som har fått heile organisasjonen til å dra i same retning. Alle laga og medlemene våre har kunna ta del i dette arbeidet, og alle som bur her i landet, uavhengig av hudfarge, dialekt og yrke, har kunna ta stilling til saka.

Mållaget har arbeidd systematisk og medvite mot bokmålsveldet i mange år. «Slepp nynorsken til» har på ein tydeleg måte fått fram at hovudproblemet er at nynorsk blir møtt med forbod. Oppslutninga viser at



Ikkje uventa har dei tre vestlandsfylke flest namn på oppropet. Over 5 prosent av dei som bur i Sogn og Fjordane har skrive under. Resultata speglar i nokon grad aktiviteten i organisasjonen, men det er gledeleg å sjå at til dømes 439 har skrive under i Nordland – eit fylke der vi berre har to lag og ingen fylkesorganisasjon.

	Tal namn	Av folketalet
Hordaland	9021	2,01 %
Sogn og Fjordane	5654	5,28 %
Møre og Romsdal	5674	2,32 %
Oslo	3088	0,58 %
Rogaland	2925	0,74 %
Telemark	1635	0,98 %
Aust-Agder	1219	1,18 %
Sør-Trøndelag	1021	0,37 %
Akershus	934	0,19 %
Oppland	846	0,46 %
Vest-Agder	865	0,54 %
Buskerud	662	0,27 %
Troms	593	0,39 %
Nordland	439	0,18 %
Østfold	271	0,1 %
Nord-Trøndelag	259	0,2 %
Vestfold	224	0,1 %
Hedmark	208	0,11 %
Finnmark	141	0,19 %

folk meiner at nynorsken må vera synleg, og at det nes-ten ikkje finst organisert motstand. Støtta til oppropet har vorte og vert oppfatta som støtte til nynorsken.

Kampanjen har vore synleg og folk har sett logoen vår. Det er delt ut 3 000 plakatar, 10 000 jakkemerke, 30 000 klistermerke, 8 000 underskriftsark og 25 000 postkort. Vi fekk ei fantastisk pressedekking dei fyrste dagane, og mange media har fylgt saka heile vegen. Det var til dømes mykje moro og merksemd då Harald Heide Steen jr. vart underskrivar nummer 10 000. Over tusen personar har bede om meir informasjon om Noregs Mållag i kampanjepersonen, og heile 15 000 fekk eit «Takk for støtta»-ebrev i oktober då kampanjen gjekk mot slutten.

Strategien for det sentrale arbeidet med kampanjen kunne nok ha vore betre både gjennomtenkt og gjennomført. Det burde ha kome i stand møte med dei to riksavisene på eit langt tidlegare tidspunkt og det er uheldig at vi ikkje fekk fylgt opp Journalistlaget medan kampanjen var som varmast. Det er også lett å sjå i ettertid at det kunne vore klokt å trekkja Mediemållaget meir aktivt inn i arbeidet med desse spørsmåla.

Norsk Målungsdom sin innsats i kampanjen har vore avgjerande. Dei har vitja mange titals skular og festivalar og er ansvarlege for mellom ti og femten tusen av namna på oppropet.

Målfolk og sympatisørar som til vanleg ikkje driv målarbeid har nytt denne kampanjen til å samla støtte for oppropet. Noregs Mållag har fått mange nye aktivistar! Og gamle aktivistar har hatt sterkt vind i segla. I til dømes Bykle fann dei ut av heimesida vår fyrst den siste veka av kampanjen, og på nokre få dagar kom dei opp i nesten hundre namn – 10,8 prosent av ibuarane! Det er ein klår samanheng mellom resultatet i ulike kommunar og i kva grad lokale målfolk har vore aktive. Utan ein aktiv grunnorganisasjon, kunne vi ikkje nådd så langt.

«Slepp nynorsken til» har også styrkt målarbeidet vårt på andre område. På valldagen 15. september var det til dømes skulemålsrøysting i Gjesdal, og Gjesdal Mållag nytt kampanjen til å mobilisera støtte for nynorsken – og vann røystinga.

HAUSTSEMINAR 2005 Haustseminaret var i Oslo helga 22. – 23. oktober. Seminaret tok opp historia til målrørsla og var i tillegg ei avslutning og oppsummering av kampanjen «Slepp nynorsken til». Det var totalt 62 påmelde til seminaret.

Gudleiv Forr mottok underskrifter frå «Slepp nynorsken til!»-kampanjen på vegne av Dagbladet.

Informasjons- og mediearbeit

Landsmøtet i Tromsø peika ut Slepp nynorsken til-kampanjen som den politiske hovudsaka i 2005. Denne kampanjen vart sparka i gang på landsmøtet og dagen etter fekk saka ei halvsides oppslag i VG, noko som gav

kampanjen ein flott start. Som det går fram av oppsumeringa av kampanjen, fekk kravet mykje merksemd i media. Slepp nynorsken til! var ei heilt utruleg god mediesak. Vi fekk oppslag i TV 2, Dagsrevyen, Vestlandsrevyen, i Redaksjon Ein, fleire av distriktsendings i NRK, P3-nyhende, Dagsnytt Atten og så vidare. I tillegg fekk saka svært mykje omtale i avisene. Mange journalistar tykte dette var ei interessant problemstilling og lagde saker på eige initiativ. Men det var sjølv sagt gjort mykje arbeid retta inn mot pressa, for å få merksemd om kampanjen og saka. I kampanjearbeidet vart det tilsett ein eigen kampanjsekretær, Marit Aakre Tennø, og dimed arbeidde både informasjonskonsulenten og kampanjsekretären med pressearbeid. Dessutan var den nyvalde leiaren, Steinulf Tungesvik, svært aktiv i oppfølginga av pressa.

Både sommaren og tidelegaust vart prega av valkamparbeid, der styret hadde lagt ein strategi på styremøtet i mai for kva saker Noregs Mållag ynskte merksemd om i valkampen. Våren 2005 vann Noregs Mållag ei rettssak mot Sandnes kommune om det skal vera mogleg å gje bokmåls- og nynorskelevar fellesundervisning. Sidan Mållaget og nynorsken vann gjennom med saka i retten, fekk vi mykje positiv merksemd om saka. Saka var spesielt aktuell der det var skular som allereie hadde innført eller planla å innføra fellesundervisning. Så denne saka fekk mange oppslag i alle vestlandsfylka.

Mykje av hausten gjekk med til å planleggja informasjonsarbeidet knytt til jubileet. Dette arbeidet vart ikkje synleg før vi kom til opninga av jubileet. I framkant av opninga av jubileet vart det arbeidd mykje med å få pressemerksemd. Det vart laga to pressekonferansar, i tillegg til at det vart sendt ut fleire pressemeldingar og gjort mange ringjerundar til media. I dette arbeidet var det tydeleg å merke at Noregs Mållag vert rekna for å vera ein viktig og tydeleg samfunnsaktør. Det gjorde også sitt til at det vart ei brei dekking av den fyrste jubileumshelga til Mållaget. Det var innslag på NRK Dagsrevyen og på Kveldsnnytt, TV 2, Kanal 24, Dagsnytt Atten, Vestlandsrevyen, i tillegg til VG, Aftenposten, Nationen, Klassekampen og Dagsavisen. Både NPK, NTB og ANB laga fyldige referat frå markeringa.

Noregs Mållag arbeider for å koma ut med eigne saker i media, når vi tykkjer det er viktig at Mållaget melder i frå om våre standpunkt.

PRESSEARBEID KNYTT TIL LANDSMØTET

Observer Noreg as registrerte 225 treff før, under og etter landsmøtet knytt til Slepp nynorsken til-kampanjen. I fjar i Ålesund var det 182 klypp, medan det var 159 i Grimstad i 2003, i Oslo 2002 var det 167 treff, på Bryne var det 193, medan det i Bergen i 2000 var 270 treff. I 1999 i Florø var det 155 treff.

I samband med landsmøtet vart det laga pressemeldingar med desse overskriftene: Steinulf Tungesvik er innstilt som ny leiar i Noregs Mållag, Hurra for dialekt-

barne-tv! Målblome til Reza Rezaee, Nynorsk barnelitteraturpris til Arnfinn Kolerud, Målprisen 2005 til Kjartan Fløgstad, Slepp nynorsken til!, Ja til samiske flagg på 17. mai!, Bjørnar Østgård utnemnd til heidersmedlem, Brei støtte til nynorskkampanje!, Steinulf Tungesvik nyvald leiar i Noregs Mållag. Det vart også sendt ut eit lesarbrev med tittelen Slepp nynorsken til!

I Tromsø merka vi stor skilnad på presseinteressa i forhold til å vera i Ålesund. Pressa var veldig mykje meir nøktern enn sunnmørsk presse. Landsmøtet fekk likevel oppslag i alle lokalavisene i Troms, i NRK, TV Tromsø og Kanal 24.

Både NRK Møre og Romsdal og NRK Sogn og Fjordane laga eigne oppslag på at Nynorsk barnelitteraturpris vart tildelt Arnfinn Kolerud. NRK Rogaland laga oppslag på at Kjartan Fløgstad fekk målprisen. I tillegg vart denne pristildelinga slegen opp i mange aviser. Klassekampen og Aftenposten Aften hadde fine oppslag på målblome til Reza Rezaee. Lokalt fekk Bjørnar Østgård god merksemd på at han fekk heidersmedlemskap i Noregs Mållag.

I framkant av landsmøtet intervjuja Nynorsk Pressekontor Steinulf Tungesvik som påtroppande leiar. Dette intervjuet fekk uvanleg breitt gjennomslag. På sundag vart det sendt ut ei pressemelding som heitte: Brei støtte til nynorskkampanje! På bakgrunn av denne pressemeldinga laga VG ei halvside med tittelen: Kjendisopprop for nynorsk i VG. Dette oppslaget sparka i gang kampanjen Slepp nynorsken til! Oppsummering av denne kampanjen er trykt andre stader i årsmeldinga.

PRESSEMELDINGAR Noregs Mållag legg vekt på å senda ut aktuelle pressemeldingar. Somme meldingar er knytt direkte til eigne aktivitetar, medan andre pressemeldingar utspel knytte til aktuelle hendringar eller saker. Desse meldingane vert gjerne fylgt opp med ein telefonrunde til utvalde media. Ved enkelte høve vel vi å ikkje senda ut eigne pressemelding, men heller kontakte journalistar direkte. Frå 18. mars 2005 til 10. februar 2006 har Noregs Mållag sendt ut 42 pressemeldingar. Dette er seks fleire enn førre årsmeldingsperiode. Mykje av denne aktiviteten har vore knytt spesielt til kampanjen Slepp nynorsken til! Dei fleste pressemeldingane går ut til heile presse-Noreg, medan nokre pressemeldingar har gått til eit meir avgrensa utval. Dette oversynet speglar sjølv sagt ikkje oppslag der Mållaget har gjeve ei sak meir eksklusivt til ein aktør.

- – Elevar må ha rett til nynorske lærebøker, 18.03.05
- Steinulf Tungesvik er innstilt som ny leiar i Noregs Mållag, 07.04.05
- Hurra for dialektbarne-tv!, 12.04.05
- Pressekonferanse i Tromsø, 12.04.05
- Slepp nynorsken til! 15.04.05
- Nynorsk barnelitteraturpris til Arnfinn Kolerud, 15.04.05



Laus i snippeten. Steinulf Tungesvik er gjest hjå OJ på TV 2. (Foto: TV 2)

- Målblome til Reza Rezaee! 15.04.05
- Ja til samiske flagg på 17. mai! 16.04.05
- Målprisen 2005 til Kjartan Fløgstad, 16.04.05
- Brei støtte til nynorskkampanje! 17.04.05
- Kjendisar i kø for å få nynorsk i Dagbladet og VG, 22.04.05
- «Slepp nynorsken til!»-underskrivar nr. 10 000! 27.04.05
- Departementa nyttar meir nynorsk! 13.05.05
- – Dagbladet, ikkje spark dei nynorskskrivande journalistane! 13.05.05
- No vil 20.000 sleppe nynorsken til! 18.05.05
- Gløym «Hundreårsmarkeringen» – lag folkefest for sjølvstende og folkestyre! 22.05.05
- Mållaget fekk fullt medhald i striden om nynorsk-opplæring i Sandnes, 23.05.05
- Startsida.no på nynorsk! 31.05.05
- Folkefest for sjølstende og folkestyre! 07.06.05
- No – 25 000 for nynorsk i riksavisene! 09.06.05
- Ny læreplan i strid med sidemålsforliket i Stortinget! 15.06.05
- Mållaget vann i Høgsterett! 24.06.05
- Viktig rundskriv frå Utdanningsdirektoratet, 08.07.05
- 30 000 vil oppheva nynorskforbodet i VG og Dagbladet, 11.08.05
- Soria Moria-erklæringa må skrivast på nynorsk, 13.09.05
- Nynorsksigrar på valldagen! 14.09.05
- Alle breibandselskap bør ha domeneadresse på nynorsk, 29.09.05
- Hald på norsk i næringslivet, 06.10.05
- Noregs Mållag gratulerer regjeringa med godt utgangspunkt! 13.10.05
- Nynorsken treng ny regjering, 14.10.05



Dagsrevyen tok med Gro Morken Endresen på handletur på Rema i samband med mållagsjubileet. Temaet var nye bruksområde for nynorsken.

- Flott avslutting på vellukka nynorsk-kampanje! 20.10.05
- Nynorskkampanje vert avslutta i dag! 22.10.05
- Dagbladet fekk 36 000 underskrifter for nynorsk! 22.10.05
- Nils Ulvund er konstituert leiar i Noregs Mållag, 24.10.05
- Offensiv språkstrategi frå Språkrådet, 27.10.05
- Målblome til Monica Mæland og Herman Friile! 08.11.05
- 100 nye år med nynorsk! 26.01.06
- Invitasjon til pressekonferanse hjå Noregs Mållag, 30.01.06
- Noregs Mållag i hundre! 30.01.06
- Nynorskjubilant helsar det samiske folket, 05.02.06
- Feirar jubileum med skrivetepling, 10.02.06

PRESSEOPPSLAG Gjennom året har det vore fleire viktige intervju med og utspel frå leiinga i Noregs Mållag. Dette er ikkje eit uttømmande liste, men eit knippe av saker.

- 14.04.05 «- Gje meg tydelege nynorskmotstandarar», Tungesvik, NPK
- 20.04.05 Gjest i TV 2 «Rikets røst», Tungesvik
- 20.04.05 Gjest i NRK1 «RedaksjonEN», Tungesvik
- 22.04.05 Vekas portrett i NRK Vestlandsrevyen, Tungesvik
- 24.04.05 «Nynorskens mann», Tungesvik, portrett Bergensavisa
- 21.05.05 «Nynorskens advokat», Tungesvik, portrett BT-magasinet
- 22.05.05 «Jubler for nettporno på nynorsk», Tungesvik, Dagbladet
- 25.05.05 «Mållagssiger kan endra praksis i Norge», Tungesvik, Stavanger Aftenblad
- 27.05.05 «Advokaten som tok nynorsk-saka», Tungesvik, Advokatbladet
- 29.05.05 «Porrsajt ett stort framsteg för nynorskan», Tungesvik, Svenska Dagbladet
- 14.06.05 «Nynorsk i VG», Tungesvik, NRK radio og nrk.no
- 18.06.05 «Gløymde nynorsken i ny læreplan», Tungesvik, Bergens Tidende
- 25.06.05 «Mållaget vann i høgsterett», Tungesvik, Stavanger Aftenblad
- 08.09.05 «Tverrpolitisk velvilje», Tungesvik, Nynorsk pressekontor
- 22.09.06 « Utan eit ord nynorsk», Bjørhusdal, Nynorsk pressekontor
- 30.09.06 «- No skal vi bruke lupe på alle partiprogram», NPK
- 02.07.05 «Med lupe på partiprogramma», Tungesvik, Nationen
- 03.07.05 «Norge eller Noreg», Tungesvik, Göteborgs-Posten
- 12.07.05 «Færre dropper nynorsk», Tungesvik, Aftenposten
- 01.08.05 «Stem nei-folk inn på Stortinget!», Tungesvik, Standpunkt Hordaland Nei til EUs valavis (fulldistribusjon)
- 10.08.05 «Høgre står på sitt», Tungesvik, Nationen
- 14.08.05 «Nazi-valgkamp!», Tungesvik, Bergensavisa
- 26.08.05 «SV og Sp får toppkarakter i nynorsk», Tungesvik, Bergens Tidende
- 02.09.05 «Målbart uenige», Tungesvik, Bergensavisa
- 13.09.05 «Krever nynorsk-løft», Tungesvik, ANB
- 14.09.05 «Nynorsk for innvandrere», Tungesvik, Dagbladet
- 14.09.05 «Ta kultur på alvor», Tungesvik, Klassekampen
- 14.09.05 «Reknar med at kulturmilliarden kjem», Tungesvik, Nationen
- 23.09.05. Debatt mellom Steinulf Tungesvik og Finn Erik Vinje, NRK P1 - Her & Nå
- 17.10.05. Debatt mellom Steinulf Tungesvik og Finn Erik Vinje, NRK P2 – Dagsnytt Atten
- 15.11.05 Innslag med Margunn Søyland Nesbakken, NRK1 – Noreg i dag
- 27.01.06 «Jubilerer på 600.000 frimerke», Morken Endresen, Nationen
- 30.01.06 « For nynorsken i 100 år», Morken Endresen, Klassekampen
- 30.01.06. Innslag med Gro Morken Endresen, NRK1 – Østnytt

*NRK retta litt
på Rema-skil-
ta i samband
med reporta-
sjen.*

*Når får vi
oppleva
nynorsk skil-
ting på Rema?*



- 31.01.06 «Får ros for nytt slagord», Morken Endresen, Nationen
- 01.02.06 «Vil ha nynorsk fra 4. klasse», Morken Endresen, Rana Blad
- 01.02.06 «Nynorsk gullkorn på frimerke», Morken Endresen, Vestnesavisa
- 02.02.06 Mållagsjubileum i Nitimen, intervju med Morken Endresen
- 03.02.06 «Tre av ti etterlyser nynorsk i laussalsavlene, Morken Endresen, Nationen / NTB
- 03.02.06 «Nynorskkamp i hundre år», Morken Endresen, Nationen / Helga (magasin)
- 03.02.06 «Spelande engasjert målaktivist», Myking, Nationen / Helga (magasin)
- 03.02.06 «Målboro fra Vinje», Telemarksavisen
- 03.02.06 «Alt klar for festen», Sulaposten
- 03.02.06. Innslag med Edvard Hoem fra mottakinga, NRK P2 – Dagsnytt Atten
- 03.02.06. Innslag fra mottakinga og Gro Morken Endresen, NRK1 Dagsrevyen
- 03.02.06. Innslag fra mottakinga, TV 2 – nyhendesendinga
- 03.02.06. Innslag fra mottakinga og intervju med kong Harald, NRK1 Dagsrevyen
- 04.02.06 «Vil ikke være knotekonge», jubileumsmottaking, VG
- 04.02.06 «Nilssen skjemd over eigne fordommar», Noregs Mållag feirar 100 år, Firda
- 04.02.06 «A better language», magasinett i Klassekampen
- 04.02.06 «Kongeleg feiring av målrørsla», Drammens Tidende
- 04.02.06 «Vil ha nynorsk fra 4. klasse», Morken Endrensen, Helgeland Blad
- 04.02.06 «Hundre år og like sur?», Agderposten
- 04.02.06 «Då Noregs Mållag kom til verda», Vest-Telemark Blad / NPK
- 04.02.06 «Då Noregs Mållag kom til verda», Møre-Nytt / NPK
- 04.02.06 «Fire av ti vil ha meir nynorsk i tabloidane», Møre-Nytt

- 04.02.06 «Noregs Mållag i 100 år», større oppslag i Dag og Tid
- 05.02.06. Innslag fra mottakinga og diverse intervju. NRK P2 – Søndagsavisa
- 06.02.06 «Nynorsk heile helga», Tungesvik med fleire, Sunnhordland
- 06.02.06 «Rundar 100 med stil», Tungesvik med fleire, Grannar
- 06.02.06 «Karl spelte for kongen, Sogn Avis
- 06.02.06 «Kongehus med språkfølelse», Finnmarken
- 06.02.06 «Kongeleg feiring», Ulvund, Driva
- 07.02.06 «Med nynorsk i blodet», Valdres
- 07.02.06 «Mållaget feirar hundreårsfest med kongen», større oppslag i Dagen
- 07.02.06 «Me må stå vakt med nynorsken», Setesdølen
- 07.02.06 «I skjønn bakrus», Adresseavisa
- 07.02.06 «Kongen i samtale med Setesdølen: Nynorsk nyttårtale blir lett oppfatta som knot»
- 07.02.06 «Målsak og festmåltid», Firdaposten
- 07.02.06 «100 år med kjærleik og målrørsle», Vesterålen
- 07.02.06 «Karstein tok i mot kongen», Vestnytt
- 07.02.06 «Fleire sogningar på stiftingsmøtet for Mållaget», Sogn Avis
- 08.02.06 «Klar for fest», Suldalsposten
- 08.02.06 «Varmt møte med nynorske vener», Os og Fusaposten
- 11.02.06 «Støtte fra kongen», Varden
- 11.02.06 «Vil ha meir nynorsk i VG og Dagbladet», Morken Endresen, Varden
- 11.02.06 «Då Noregs Mållag vart skipa», Bjørhusdal, Bergens Tidende
- 09.03.06 Debatt mellom Gro Morken Endresen, Ottar Grepstad, Rolf Reikvam, Tor Gutu, Torbjørn Røe Isaksen og Steinar Øksengård. NRK1 – RedaksjonEN
- 09.03.06 Debatt mellom Margit Ims og Torbjørn Røe Isaksen, NRK P2 – Dagsnytt Atten
- 13.03.06 Innslag med positiv rektor for nynorsk på byskulen Landås. NRK1 – Hordaland

REDAKSJONELLE KOMMENTARAR OG LEIARARTIKLAR Noregs Mållag har fått fleire kommentarar og leiarartiklar i avisene og radio siste året. Når Mållaget gjer utspel eller på annan måte markerer seg i samfunnsdebatten, er det viktig for oss at dette vert lagt merke til og kommentert. Dette er ei samling av viktige kommentarar i arbeidsåret.

- 21.04.05 «Språkets betydning», leiar i Dagbladet
- 23.05.05 «Mållagsleder som har forstått», leiar i Bergensavisa
- 23.05.05 «Nynorsk porno», Egil Johan Ree i NRK P1 Her og nå
- 14.06.05 «Saman er vi sterke», leiar i Sogn Avis
- 29.06.05 «Målstriden inn i valkampen», kommentar i Nationen
- 29.06.05 «Høyre uten dannelse», leiar Bergens Tidende
- 30.08.05 «Eit ord i rett tid», leiar i Vestnytt
- 19.10.05 «Vellukka kampanje», kommentar i Klassekampen
- 27.10.05 «Global målstrid!», kommentar i Dagbladet
- 02.02.06 «Nynorsk er norsk», kommentar i Nationen
- 03.02.06 «Viljen til språk», leiar i Dagbladet
- 03.02.06 «Nynorsken», leiar i Helgelands Blad
- 03.02.06 «Noregs Mållag – sprek hundreåring», leiar i Sunnmørsposten
- 03.02.06 «Gratulerer!», Helga / magasinet til Nationen
- 03.02.06 Gratulerer med dei fyrste 100!, leiar i Varden
- 03.02.06 Er nynorskfolk smartare enn andre?, kommentar i Hallingdølen
- 03.02.06 «Kvífor er målfolk så sure?», kommentar i VG
- 04.02.06 «Moderne mållag», leiar Bergens Tidende
- 04.02.06 «Språkvilje versus språkmakt», kommentar i Klassekampen
- 04.02.06 «Mål og makt i 100 år», kommentar i Aftenposten
- 06.02.06 «Leve nynorsken!», kommentar i Drammens Tidende
- 08.02.06 «Ei god veke for nynorsken», leiar i Firda Tidend
- 08.02.06 «Mange røyster – felles mål», Oddny på onsdag, Bergensavisen
- 09.02.06 «Sjarmoffensiv», leiar i Hallingdølen
- 10.02.06 Språkleg fellesforsvar, leiar i Hardanger Folkeblad

LESARBREV OG DEBATTINNLEGG Nokre debattinnlegg frå Noregs Mållag går ut til alle avisene i Noreg. Andre lesarbrev vert sende ut til lokallaga, med oppfordring om å laga eigne lesarbrev. Dette vart gjort to gonger i dette arbeidsåret, både knytt til Slepp nynorsk til-kampanjen og i framkant av valkampen. Fleire

lag tok utfordringa og senda innlegg både til lokalavisar, regionale avisar og riksavisar. I tillegg til dette, vert det sjølvsgått sendt debattinnlegg til enkeltavisar.

- Slepp nynorsk til i riksavisene, 28. april 2005, sendt ut til alle avisene
- Ikkje spark dei nynorskskrivande journalistane i Dagbladet! 13.05.05, sendt ut til alle avisene
- Endeleg nynorsk i VG, 29.06.05, VG
- Nynorsk i framgang, 20.06.05, Klassekampen
- Kvifor røyste Høgre om ein vil nynorsk vel? 29.06.05, sendt ut til alle avisene
- Korleis vil Høgre styrke nynorsk?, 06.07.05, Nationen
- Høgre si brennande nynorskinteresse, 22.08.05, Bergens Tidende
- Vinje over streken, 13.10.05, Dagbladet
- Noregs Mållag 100 år, 04.02.06, jubileumskronikk i Dagbladet

GRAFISK PROFIL I høve hundreårsjubileet avgjorde styret at Mållaget skulle laga ny grafisk profil og ny logo. Arbeidet med dette tok til tidleg på hausten og det vart arbeidd heilt fram til midten av desember. Det var knytt stor optimisme til prosjektet, men i siste fase greidde ein ikkje å få fram eit framlegg som heile styret kunne samla seg om. Det vart difor avgjort at vi ville satsa på ein eigen jubileumsprofil og eit jubileumsmerke. Både profilen og merket vil bli brukt i all materiellproduksjon og profilering i jubileumsåret. Det nye styret vil stå fritt til å arbeida vidare med prosjektet med å laga ny grafisk profil for Noregs Mållag.

MATERIELLPRODUKSJON I høve kampanjen Slepp nynorsk til! vart det produsert mykje materiell som var klart til lanseringa av kampanjen på landsmøtet i april. Det vart trykt opp underskriftslistar, plakatar, postkort, t-skjorter, klistremerke og jakkemerke. Alle med hovudslagordet: Slepp nynorsk til! Både plakaten, underskriftslistene og postkorta hadde med kravet *Opphev forbodet mot nynorsk i VG og Dagbladet!*

Til stortingsvalkampen vart det laga eit flygeblad med overskrifta *Tenk nynorsk ved valet!* Dette flygebladet hadde eit mindre opplag som vart delt ut av dei lokallaga i Mållaget og Målungsdomen som hadde stand i valkampen. Flygebladet synte rett og slett eit oversyn over kva dei politiske partia meiner om viktige målsaker, og så fekk kvart enkelt parti poeng frå Mållaget.

I løpet av hausten vart det ikkje produsert nytt materiell, i påvente av at det skulle lagast ein større nyproduksjon i samband med hundreårsjubileet til Mållaget. Tidleg på nyåret vart det difor laga mykje nytt materiell. Mellom anna ein plakat til bruk i lokallaga, eit programhefte for jubileet våren 2006 og ein vervegiro. I tillegg har det kome nye konvoluttar, brevpapir og visittkort med jubileumslogo.

NYTT OM NYNORSK Nytt om nynorsk har kome ut med to nummer i 2005. Det eine nummeret var eit landsmøtenummer som vart delt ut til utsendingane på landsmøtet. Det andre nummeret kom i juni 2005 og hadde som hovudsak å fylgja opp aksjonen Slepp nynorsken til! Målsettinga i arbeidsprogrammet er at Nytt om nynorsk skal koma ut seks til åtte gonger i året. I dette meldingsåret ligg Mållaget såleis etter denne målsettinga.

NORSK TIDEND Norsk Tidend er medlemsavisa til Noregs Mållag. Avisa vert sendt ut til medlemene i Noregs Mållag, Norsk Målungdom og til tingarar av avisa. Den har kome ut, som planlagt, fem gonger i perioden. Marit Aakre Tennø var redaktør for dei to fyrste avisene i 2005. Landsmøtenummeret kom ut i mars og hadde spesielt mykje stoff frå Tromsø og Troms fylke. Denne avisa vart sendt ut til alle husstandar i Tromsø.

Hege Lothe var attende som redaktør frå 28. mars 2005. Ho lagde tredje nummeret av Norsk Tidend, som kom ut i etterkant av landsmøtet, i mai 2005. I september vart det laga ei avis, som hadde stortingsvalet som hovudsak og siste avisa i 2005 kom ut tett oppunder jul.

Fyrste avisa i 2006 kom ut med ny bladbunad. I tillegg til ei større omlegging i avisa, med fleire faste spalter. Denne omlegginga er planlagt lenge, og vart lagt til hundreårsjubileet til Noregs Mållag. Frå hausten 2005 er det desse som sit i redaksjonen til Norsk Tidend: Magnus Bernhardsen, Marit Aakre Tennø, Eva Marie Mathisen, Anna Kleiva og Jens Kihl. Utover dette er det ikkje faste medarbeidarar i avisa, men det er fleire som leverer faste bidrag.

HEIMESIDENE TIL NOREGS MÅLLAG Nettsidene til Noregs Mållag, www.nm.no, er både ei intern og ei ekstern informasjonssatsing. Nettsidene skal vera ein stad ein kan få oppdatert informasjon om Mållaget både for dei som arbeider med målsak jamleg og dei som tilfeldigvis er innom. Det har i perioden vorte arbeidd jamt med å leggja ut pressemeldingar, lesarbrev, medieoppslag, høyningsfråsegner og andre aktuelle dokument. I haust vart det sett ned ei referansegruppe som har gått gjennom nettsidene. Denne gruppa har fått gjort ein del arbeid. Det har vorte laga ny grafisk profil, nytt publiseringssverktøy og delvis ny struktur på nettsidene. Våren 2006 skal overgang til nye nettsider vera fullførd.

MEDIEKURS På landsrådsmøtet i august heldt Hege Lothe eit eige medie- og pressekurs for landsrådet. Føremålet var å få til eit ordskifte om korleis Mållaget står fram i media og kursa medlemene i landsrådet i korleis driva aktivt presse- og mediearbeid i sitt fylke. I starten av april vart det skipa til eit aviskurs. Dette retta seg inn mot korleis skriva journalistisk, spesielt med tanke på å rekruttere skribentar til Norsk Tidend og Motmæle.



Ragnhild Sælthun Fjørtoft og Audhild Gregoriusdotter Rotevatn på fest. Audhild har pynta seg med ein «egkjole»! (Foto: Thomas Bjørnflaten)

Nytt kontorlokale for skrivarstova

Styret valde å finna nytt kontorlokale i staden for å fornya leigekontrakten der vi var, etter at det synte seg uråd å finna eigna lokale å kjøpa før leigekontrakten gjekk ut. Dei nye lokala er monaleg rimelegare enn dei gamle og det var den viktigaste grunngjevinga. Samstundes har vi fått ei meir effektiv planløysing og m.a. har Norsk Målungdom fått noko betre plass.

Flyttinga vart gjennomført i slutten av juli og byrjinga av august. Det tok det meste av tida til alle tilsette i om lag 3 veker, og var slik sett ein solid ekstrainnsats som vart gjort på toppen av det vanlege målarbeidet. Ein positiv sideeffekt av flyttinga var at vi fekk rydda opp og kasta mykje som det ikkje var grunn til å lagra. Etter ti år i same lokale hadde det hopa seg opp ein del saker som berre tok plass og ikkje var til nytte.

Eg er så gammal blitt,
eg veit kva for
kjærleikssongar
eg tåler å høyra.

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Heiderslagsmedlemer

Heiderslagsmedlemer i Noregs Mållag er no Torolv Hesthamar, Olga Meyer, Einfrid Perstølen, Magne Rommetveit og Bjørnar Østgård. Heidersmedlem Ivar Eskeland gjekk bort littlejulaftan 2005.

Styret og arbeidsutvalet

Styret og arbeidsutvalet i arbeidsåret 2005-2006 har vore:

Leiar: Steinulf Tungesvik (AU) (til 23. oktober)
Konstituert leiar: Nils Ulvund (AU) (frå 24. oktober)
Nestleiar: Eli Bjørhusdal (AU)
Styremedlemer: Karstein Bjørge (AU), Berit Rekve, Unn Røyneland, Anne Marit Godal og Signhild Stave Samuelsen (NMU).
Varamedlemer: 1. Olav Skare, 2. Ann Elise Winterhus, 3. Sæbjørn Forberg, Vegard Foseide (NMU) og Unn Catodotter Fyllingsnes (NMU).

Anne Marit Godal rykte opp frå 1. vara då Steinulf Tungesvik gjekk av som leiar i oktober 2005.

Styret har hatt 9 møte og handsama kring 90 saker når arbeidsåret er over. Tre av møta har vore telefonmøte. Styret har brukt mest tid på 100-årsjubileet og kampanjen for nynorsk i Dagbladet og VG.

Arbeidsutvalet har hatt 15 møte og handsama nærare 90 saker når arbeidsåret er over. Eitt av møta har vore fysisk heildagsmøte, dei andre på telefon. AU har brukt mykje e-post, tekstmeldingar og uformelle telefondrøftingar attåt dei formelle møta. Slik kontakt har vore eit viktig supplement til dei tradisjonelle AU-møta.

Steinulf Tungesvik var frikjøpt i 50 prosent i funksjonstida si. Konstituert leiar Nils Ulvund har vore frikjøpt i 30 prosent.

Landsrådet

Landsrådet har hatt tre møte i perioden og drøfta 17 saker. Eitt av møta har vore telefonmøte. Dei viktigaste sakene har vore jubileet, mediekampanjen og valkampen.

Landsrådet er eit viktig kontaktorgan mellom styret og fylkeslaga. Gjennom møta vert det utveksla røynsler og idear og styret får råd om vegval og strategiar i sentrale politiske saker.

Valnemnda

Valnemnda i arbeidsåret har vore:

Leiar: Grete Riise
Medlemer: Rutt Trøite Lorentzen, Trond Trosterud, Håvard Teigen og Sigbjørn Hjelmbrekke (NMU).
Varamedlemer: 1. Endre Brunstad, 2. Hege Myklebust, 3. Astrid Marie Nistad, Marit Tennø (NMU) og Trine Østereng (NMU).

Valnemnda baserer arbeidet sitt på telefonmøte. Dei har vore samla til eitt fysisk møte i perioden, under jubileums-helga i Oslo i februar 2006.

DEN NEST STØRSTE nettstaden i Noreg finst på nynorsk. www.startsida.no opna i mai 2005.

LERUM-KONSERNET SEL syltetøy, saft og jus på nynorsk. Arne Brimi sel brød, pølse, skinke, syltetøy og krydder på nynorsk og Tine lagar mjølk på nynorsk.



Dei tilsette i Noregs Mållag. Frå venstre: Hege Lothe, Trond Sæbø Skarpeteig, Ragnhild Bjørge, Ingar Arnøy, Gro Morken Endresen, Magnus Bernhardsen, Berit Krogh, Marit Tennø og Else Elise Sætre Bullus.

Skrivarstova

Tilsette i arbeidsåret har vore:

Dagleg leiar: Gro Morken Endresen

Økonomikonsulent: Berit Krogh

Informasjonskonsulent: Hege Lothe (permisjon
1.7.2004 – 27.3.2005)

Informasjonskonsulent / kampanjesekretær: Marit
Aakre Tennø (vikar for Hege Lothe)

Skulemålsskrivar: Ingar Arnøy

Organisasjonskonsulent: Magnus Bernhardsen

Reiseskrivar: Trond Sæbø Skarpeteig

Politisk sekretær: Ragnhild Bjørge (20 prosent)

Førstesekretær: Else Elise Sætre Bullus (50 prosent)

Datakonsulent: Tarjei Vågstøl (20 prosent) (permisjon
fra 15.8 – 15.12.2005). Leif Arne Storset (20 prosent)
(vikar for Tarjei Vågstøl)

Hege Lothe hadde permisjon frå stillinga si som informasjonskonsulent frå sumaren 2004 til 27. mars 2005. Marit Tennø vikarierte i perioden. Etter vikariatet heldt Tennø fram i 50 prosent stilling i 3 månader som kampanjesekretær for Slepp nynorsken til. Vinteren 2005 / 2006 er ho tilsett i 40 prosent stilling som organisasjonsmedarbeidar fordi den konstituerte leiaren har mindre frikjøp enn Tungesvik hadde.

Det har i periodar vore høgt arbeidspress på skrivarstova. Tilskipingane knytte til jubileet har vore tidkrevjande å få på plass og kravd ekstra innsats. Styret har prioritert ned ein del andre oppgåver for at det skulle vera råd å koma i mål med dei høgast prioriterte oppgåvene.

Nemnder og utval

Lista gjev eit oversyn over nemnder, utval og representasjon i Noregs Mållag for arbeidsåret 2005-2006. Funksjonsperioden står attom namnet. I dei tilfella der det har vore ny oppnemning i årsmeldingsperioden, står både den som har vore og den som er representant no. Reint mellombelse arbeidsnemnder og uformell representasjon er ikkje ført opp. Lista har berre med dei representante Noregs Mållag har oppnemnt. Oppnemningane er gjorde av styret, eventuelt av AU, leiar eller dagleg leiar etter fullmakt frå styret. Styret har fylgt regelen om at ingen skal ha eit verv i meir enn åtte år.

NEMND FOR NYNORSK BARNELITTERATURPRIS

Trude Hoel, 03-06

Randi Brenden, 04-07

Eirik Vassenden, 05-08

NEMND FOR NYNORSK LITTERATURPRIS

Atle Christiansen, 04-07, trekte seg frå vervet

Morten Haugen, 05-08

FONDET FOR NORSK MÅLREISING

Hallgrim Berg, 03-05, 05-07

Håvard Teigen, 03-05, 05-07

Toril Nicolaisen, 03-05, 05-07

RÅDET FOR NYNORSK KULTURSENTRUM

Grete Riise, 01-04, 04-07

vara: Steinulf Tungesvik, 01-04, 04-07



Steinulf Tungesvik og Eli Bjørhusdal vart valde til leiar og nestleiar. (Foto: Hege Lothe)



Bjørnar Østgård vart utnemnd til heidersmedlem i Noregs Mållag på landsmøtet i Tromsø. Endre Brunstad til venstre. (Foto: Hege Lothe)

STIFTINGA MAGASINETT

Steinulf Tungesvik 01-04, 04-05
Åse Elin Langeland 05-07

RÅDET FOR NORSK BARNEBLAD

Gro Morken Endresen, 05-07
Ingeborg Mjør, 05-07
vara:
Einar Schibevaag, 05-07
Magnhild Selås, 05-07

STYRET FOR NORSK BARNEBLAD

Marit Tennø, 05-07
vara: Line Brendberg, 03-05, 05-07

STIFTINGA PIRION

Steinulf Tungesvik, 04-05
Åse Elin Langeland, 05-07

MÅLPOLITISK RÅD

FOR DET NORSKE TEATRET
Rutt Trøite Lorentzen, 01-05, 05-07
Anne Elise Winterhus, 99-05, 05-07
Nils Moldøen, 06-08
Magni Øvrebotten, 02-06, 06-08
Ragnhild Vannebo, 06-08
vara:
Endre Brunstad, 06-07
Paul Ottar Haga, 03-05, 06-07

VALNEMND FOR MÅLPOLITISK RÅD, DNT

Olav Helge Øwre, 04-07

NYNORSK PRESSEKONTOR

Jan Atle Stang, 03-05, 05-07
vara: Oddbjørg Starrfeldt, 99-05, 05-07
Einar Schibevaag, 02-06
Håvard Teigen, 06-08
vara: Sigrun Høgetveit Berg, 00-06, 06-08

HALLDOR O. OPEDALS FOND

Kåre Lilleholt, 04-08
vara: Marie Morken, 04-08

SANDEFJORD OG SANDAR MÅLLAGS LEGAT

Håvard Teigen, 99-05, 05-07

AKADEMIFONDET I RAULAND

Rune Christenson, 99-07
vara: Ågot Jordstøyl, 03-07

OSLO NYE SPAREBANKS FOND

Håvard Teigen, 04-07
vara: Berit Rekve, 04-07, avløyst februar 05 av
Erik Bolstad, 05-07

ANNE RØFLO LONGVA OG ALF ANDRE LONGVAS FOND

Håvard Teigen, 02-04, 04-06, 06-08
vara: Toril Nicolaisen, 02-04, 04-06, 06-08

FONDET FOR NYNORSK PRESSE

Johann Roppen
Erling Lægreid

Reiseverksemda

Lista viser dei møta som styremedlemer eller tilsette i Noregs Mållag har delteke på i arbeidsperioden. Styremøte og mindre møte er ikkje tekne med, heller ikkje interne arbeidsmøte og møte med NMU sentralt. Representantane for Noregs Mållag har halde innleiingar, talar, helsingar eller orienteringar på dei fleste møta som er oppførde. Så godt som alle lokallag og fylkeslag som har bede om det, har fått vitjing.

Dato	Stad	Tilskiping	Representant
19.4.2005	Skien	Styremøte Dag Bondeheim	Endresen
19.-20.4.2005	Stord	Nynorskurs lærarutdanninga Høgskulen på Stord	Arnøy
21.4.2005	Seljord	Lagssamling Telemark	Skarpeteig
21.4.2005	Frekhaug	Møte med lokallaga nordhordland, Mediekampanje	Arnøy
25.4.2005	Vegårshei	Lagssamling Gjerstad, Vegårshei og Åmli	Skarpeteig
25.4.2005	Arna	Møte med Fana/Åsane/Arna mållag. Mediekampanje	Arnøy
26.4.2005	Kristiansand	Lagssamling Kristiansand, Søgne og Songdalen	Skarpeteig
26.4.2005	Oslo	Rådmøte Norsk Barneblad	Bjørhusdal, Endresen
27.4.2005	Evje	Fylkesstyremøte Agder	Skarpeteig
27.4.2005	Oslo	Pressekonferanse om Slepp nynorsken til!	Tennø, Bernhardsen og Tungesvik
27.4.2005	Nordfjordeid	Informasjonsrunde på Eid vgs om Slepp nynorsken til!	Lothe
27.-29.4.2005	Rauland	Landsting LNK	Endresen
30.4.2005	Oslo	Årsmøtet/generalforsamlinga til Det Norske Teatret	Rekve
2.5.2005	Fjell	Møte med Sotra og Øygarden mållag. Mediekampanje	Bjørge, Arnøy
3.5.2005	Oslo	Debattmøte om sidemålet (arr: SmiO)	Tungesvik, Endresen
9.5.2005	Sogndal	Lagssamling Luster, Lærdal og Sogndal	Bjørhusdal, Skarpeteig
10.5.2005	Bodø	Møte med Salten Mållag	Arnøy
11.5.2005	Valle	Lagssamling Valle/Bykle/Bygland	Skarpeteig
12.5.2005	Evje	Lagssamling Evje/Iveland/Vegusdal	Skarpeteig
13.5.2005	Hovden	Aksjon Hovden vgs.	Skarpeteig
23.5.2005	Oslo	Årsmøte Folkekulturforbundet	Bernhardsen
23.5.2005	Trondheim	Singsaker skole, foreldremøte om parallelklasser	Arnøy
24.5.2005	Oslo	Lansering av boka «Rett, nasjon, union»	Lothe
25.5.2005	Volda	Seminar om Nordvestlandet og 1905	Lothe, Bjørge
30.5.2005	Skien	Styremøte Dag Bondeheim	Endresen
31.5.2005	Oslo	Nynorsk Forum	Tungesvik, Endresen
1.6.2005	Oslo	Løvebakken mållag, kontaktmøte	Tungesvik, Arnøy
8.6.2005	Trondheim	Byåsen skole, foreldremøte om parallelklasser	Arnøy
15.6.2005	Skien	Generalforsamling Dag Bondeheim	Endresen
20.6.2005	Oslo	Møte med NRK-sjef Bernander	Tungesvik, Endresen

Møte om norskopplæring for vaksne innvandrarar:

24.6.2005	Ullensvang	Møte med Ullensvang herad v/ordførar	Arnøy
28.6.2005	Bergen	Møte med Kvam herad v/varaordførar	Arnøy
30.6.2005	Volda	Møte med Volda kommune v/ordførar	Arnøy
4.7.2005	Ulstein	Møte med Ulstein kommune v/ordførar	Arnøy
6.7.2005	Førde	Møte med Førde kommune v/ordførar	Arnøy
6.7.2005	Naustdal	Møte med Naustdal kommune v/ordførar	Arnøy
7.7.2005	Florø	Møte med Flora kommune v/ordførar	Arnøy
14.7.2005	Halsa	Møte med Halsa kommune (norskoppl. og sidemålsforsøk)	Arnøy, Ulvund
14.7.2005	Surnadal	Møte med Surnadal kom. (norskoppl. og sidemålsforsøk)	Arnøy, Ulvund
14.7.2005	Tingvoll	Møte med Tingvoll kommune (norskoppl. og sidemålsf.)	Arnøy, Ulvund
14.7.2005	Batnfjordsøra	Møte med Gjemnes kommune v/varaordførar og rådmann (norskopplæring og sidemålsforsøk)	Arnøy, Ulvund
22.9.2005	Valle	Møte med Valle kommune v/ ordførar	Skarpeteig, Arnøy
23.9.2005	Åmli	Møte med Åmli kommune v/ ordførar	Skarpeteig, Arnøy
1.11.2005	Oslo	Utdanningsdirektoratet	Arnøy

Dato	Stad	Tilskiping	Representant
20.6.2005	Oslo	Møte med Det Norske Teatret om jubileum	Tungesvik, Endresen
22.6.2005	Oslo	Møte med leiaren i Lærarmållaget om yrkesmållaga Bernhardsen	Endresen, Arnøy,
30.6-2.7.2005	Volda	Dei nynorske festspela	Lothe, Bjørge og Tungesvik
21.-24.7.2005	Kirkenes	Folkekulturfestivalen og årsmøte i Noregs Ungdomslag	Bjørge
8.8.2005	Oslo	Møte med leiar i Høgre, Erna Solberg	Tungesvik, Endresen, Hallgrim Berg
11.8.2005	Kristiansund	Møte med Kristiansund/Frei kommune om sidemålsforsøk	Arnøy
11.8.2005	Tustna	Møte med Tustna kommune v/ordførar om sidemålsforsøk	Arnøy
11.8.2005	Rindal	Møte med Rindal kommune om sidemålsforsøk i skulen	Arnøy
13.8.2005	Odda	Hovudinnleiar på jubileumsseminar Hordaland Nei til EU	Tungesvik
13.8.2005	Årdal	Møte med Målrock og deltaking litteraturseminar	Bjørhusdal
20.8.2005	Tvedstrand	Ordstyrar på seminar om Jørgen Løvland	Lothe
29.8.2005	Ålesund	Folkemøte om skule (arr: LUFS)	Endresen
29.8.2005	Hol	Folkemøte om skulemålsrøysting Holet	Tungesvik, Arnøy
30.8.2005	Sykkylven	Skipingsmøte for Sykkylven Mållag	Endresen
30.8.2005	Sotra	Sotra ungdomsskule: positive sidemålsforsøk	Arnøy
1.9.2005	Bergen	Nynorsk bar, Cafe Opera, debatt med Høgres Harald V. Hove om sidemål og bokbål	Tungesvik
3.9.2005	Gjesdal	Skulemålsrøysting Ålgård skule	Arnøy
17.9.2005	Skogn	Lagssamling, Trønderlaget	Ulvund, Arnøy
19.9.2005	Oslo	Nynorsk Forum	Tungesvik, Endresen
19.9.2005	Oslo	Møte med Nynorsk kultursentrum om jubileet	Tungesvik, Endresen
20.9.2005	Oslo	Årstalen for nynorsk skriftkultur v/ Ottar Grepstad, Nynorsk kultursentrum	Endresen, Arnøy, Krogh, Bernhardsen
23.9.2005	Kristiansand	Møte med Høgskolen i Agder, norskoppl. i lærarutd.	Skarpeteig, Arnøy
24.9.2005	Straumsnes	Lagssamling, Nordmøre Mållag	Ulvund, Arnøy
29.9.2005	Oslo	Møte med Utdanningsdirektoratet, direktør Skarheim	Tungesvik
1.10.2005	Oslo	50-årsjubileum Kringkastingsringen	Tungesvik, Endresen, Lothe
6.10.2005	Skien	Styremøte Dag Bondeheim	Endresen
7.10.2005	Molde	Møte med Molde kommune, Sidemålsforsøk i ungdomssk.	Arnøy
11.10.2005	Bergen	Opa høyring om byreklame i Byutviklingskomiteen i Bergen bystyre	Tungesvik
12.10.2005	Valle	Opning av www.vallemal.no	Skarpeteig
17.10.2005	Oslo	Møte med ABC Startsidan	Endresen
20.10.2005	Oslo	Møte med Målrock	Endresen
21.10.2005	Kristiansand	Sørlandske lærarstemna	Arnøy
22.10.2005	Fredrikstad	Nynorskkurs for elevar i vgs	Arnøy
24.10.2005	Oslo	Møte med Sivlelaget om 2007-jubileum	Skarpeteig
25.10.2005	Bodø	Målferd Bodø vgs	Arnøy
24.-26.10.2005	Bodø	Nynorskkurs Høgskolen i Bodø	Arnøy
27.10.2005	Bærum	Språkrådkonferanse «Norsk i hundre!»	Endresen
29.10.2005	Oslo	Målpolitisk råd, orientering om jubileet	Arnøy
30.10.2005	Oslo	Innleiing på internseminar i Kringkastingsringen	Lothe
31.10.2005	Skien	Styremøte i Dag Bondeheim	Endresen
3.11.2005	Tingvoll	Seminar om sidemål for lærarar på Nordmøre/Romsdal og S-Trøndelag	Ulvund og Arnøy
4.11.2005	Halsa	Innleiing på ordførarmøte Nordmøre	Ulvund og Arnøy
4.11.2005	Bygland	Hausfest Mållaga på Agder	Skarpeteig
4.11.2005	Rindal	Rindal skole. Møte om positive sidemålsforsøk	Ulvund og Arnøy
5.11.2005	Bygland	Haustseminar om jubileet, Mållaga på Agder	Skarpeteig
5.11.2005	Oslo	Nynorskkurs på skulemålskonferanse, NMU	Arnøy
7.11.2005	Kristiansand	Fylkesstyremøte Agder.	Skarpeteig

Tillitsvalde, tilsette og oppnemnde

Dato	Stad	Tilskiping	Representant
7.-8.11.2005	Kristiansand	Nynorskurs Høgskolen i Agder	Arnøy
8.11.2005	Bergen	Byrådsleiar og varaordførar Bergen kommune, utdeling av målblome	Endresen, Lothe
10.11.2005	Oslo	Møte med sjefredaktøren i VG	Endresen og Godal
11.11.2005	Oslo	Møte med Samlaget v/ Heskestad om landsmøte/årmøte	Endresen
12.11.2005	Oslo	Målpolitisk råd, Det Norske Teatret om jubileet	Arnøy
14.11.2005	Målselv	Møte med Målselv kommune, sidemål og nynorsk parallelklasser	Arnøy
17.-18.11.2005	Oslo	Medietreningskurs	Ulvund og Endresen
18.11.2005	Sandane	Festkveld – Gloppen Mållag 100 år	Bjørhusdal, Lothe
20.11.2005	Fana	100-årstilstkiping Fana Mållag	Rekve
19.-20.11.2005	Tromsø	Lagssamling Troms og Finnmark Mållag	Arnøy
21.11.2005	Oslo	Nynorskurs, Oslo Katedralskole	Arnøy
21.11.2005	Oslo	Møte med Samlaget om Viljen til språk	Endresen
22.11.2005	Leira	Møte med Lærarmållaget	Arnøy
25.11.2005	Oslo	Møte med Samlaget om Viljen til språk	Endresen, Bernhardsen
26.-30.11.2005	Brugge	Konferanse om minoritetsspråk og morsmålsopplæring	Endresen
2.12.2005	Oslo	Møte med Aasentunet om vandreutstilling	Endresen
5.12.2005	Oslo	Møte med NRK om jubileet	Endresen, Bernhardsen, Tennø
6.12.2005	Oslo	Møte i Forum for nynorsk i skolen	Endresen
4.1.2006	Oslo	Møte med Posten om jubileumsfrimerke	Endresen
6.1.2006	Oslo	Møte med Teatret om mottakinga	Endresen
6.1.2006	Oslo	Konferansen «Framtidas norskfag», arr. av Utdanningsdirektoratet	Arnøy
10.1.2006	Skien	Styremøte Dag Bondeheim	Endresen
16.1.2006	Grimstad	AU-møte Mållaga på Agder	Skarpeteig
19.1.2006	Gjesdal	Gjesdal Mållag, skulemålsrøysting Oltedal	Arnøy
23.1.2006	Kristiansand	Aksjon og møte med studentmållaget på HiA	Skarpeteig, Løver
24.1.2006	Oslo	Møte med Christel Siem, Aasentunet, om Festspela	Endresen
24.1.2006	Evje	Møte med 5 næringsverksemder	Skarpeteig, Løver
24.1.2006	Bygland	Lagssamling Setesdal	Skarpeteig, Løver
25.1.2006	Oslo	Pressekonferanse for jubileumsfrimerke i samarbeid med Posten	Endresen, Lothe
25.1.2006	Lillestrøm	Skedsmo vgs, føredrag	Arnøy
25.1.2006	Åvundeid	Ålvundeid Mållag, skulemålsrøysting Løykja	Arnøy, Ulvund
26.1.2006	Trondheim	Charlottenlund ungdomsskole, positivt sidemålsforsøk	Arnøy
27.1.2006	Steinkjer	Egge og Steinkjer ungdomsskular, positivt sidemålsforsøk	Arnøy
29.1.2006	Hovdebygda	Opning av vandreutstillinga	Ulvund
30.1.2006	Oslo	Pressekonferanse jubileet	Ulvund, Bjørhusdal, Endresen, Lothe
31.1.2006	Kristiansand	Kulturfeld med elevar frå Vennesla vgs	Løver
1.2.2006	Sotra	Årsmøte Sotra Mållag	Arnøy
1.2.2006	Oslo	Pressekonferanse for Viljen til språk	Endresen, Lothe
1.2.2006	Kristiansand	Årsmøte KrS og Omland Målungdom	Løver
2.2.2006	Hornnes	Årsmøte og kulturfeld Evje og Hornnes	Løver
5.2.2006	Kvinesdal	Møte om røysting ved Austerdalen skule	Arnøy, Løver
7.2.2006	Oslo	Høyring i kulturkomiteen om mållovsmeldinga	Rekve, Endresen
7.2.2006	Oslo	Møte Utdanningsdirektoratet om lærermiddel	Endresen, Arnøy
8.2.2006	Bergen	Hordaland fylke, møte om vilkåra for nynorskelevar i vgs	Arnøy
9.2.2006	Bergen	Møte med skulemålsnemnda i Hordaland Mållag	Arnøy
13.2.2006	Trondheim	Møte med Trondheim kommune om nynorsk i barne- og ungdomsskulen	Arnøy
13.2.2006	Kristiansand	Fylkesstyremøte Aust- og Vest-Agder	Skarpeteig, Løver

Dato	Stad	Tilskiping	Representant
14.2.2006	Kristiansand	Årsmøte Mållaget i Kristiansand	Skarpeteig, Karstein Bjørge
14.2.2006	Øyslebø	Årsmøte i Marnar Mållag	Løver
14.2.2006	Orkdal	Orkanger ungdomsskole, positivt sidemålsforsøk	Arnøy
15.2.2006	Hemsedal	Årsmøte Hemsedal Mållag	Arnøy
16.2.2006	Skien	Styremøte Dag Bondeheim	Endresen
16.2.2006	Hovet	Hol Mållag, kulturveld (+ off.røysting)	Arnøy
18.-19.2.2006	Bergen	Årsmøte Hordaland Mållag	Endresen
21.2.2006	Hamar	Høgskolen i Hedmark, føredrag	Arnøy
21.2.2006	Trondheim	Årsmøte Nidaros Mållag	Arnøy
23.2.2006	Kristiansand	Årsmøte og styremøte Studentmållaget	Løver
23.2.2006	Oslo	Mottaking Språkrådet	Endresen
24.2.2006	Levanger	Frol ungdomsskole, positivt sidemålsforsøk	Arnøy
26.2.2006	Målselv	Årsmøte Målselv Mållag	Arnøy
27.2.2006	Målselv	Møte med Olsborg og Bardufoss ungdomsskular, positive sidemålsforsøk	Arnøy
27.2.2006	Målselv	Olsborg skole, møte med foreldre om parallelklasse	Arnøy
27.2.2006	Kvinesdal	Årsmøte Kvinesdal Mållag	Løver
28.2.2006	Oslo	Møte Det Norske Teatret om jubileumsframsyning	Endresen
1.3.2006	Kvinesland	Årsmøte Songdalen Mållag	Løver
2.3.2006	Molde	Bekkevoll ungdomsskole, pos.sidemålsfors.	Arnøy
3.3.2006	Sunndalsøra	Føredrag Sunndal ungdomsskule	Arnøy
3.3.2006	Sunndalsøra	Møte med Sunndal kommune: korleis gjera skulelevane i kommunen tospråklege?	Ulvund, Arnøy
4.3.2006	Ulsteinvik	Årsmøte Sunnmøre Mållag	Bjørge
4.3.2006		Årsmøte Nordmøre og Romsdal Mållag	Arnøy
5.3.2006		Årsmøte Karmsund Mållag	Bjørge
7.3.2006	Arendal	Birkenlund skole, positivt sidemålsforsøk	Arnøy, Løver
8.3.2006	Arendal	Stuenes skole, positivt sidemålsforsøk	Arnøy, Løver
8.3.2006	Rysstad	8. mars-fest for Setesdal	Løver, Littlehamar
8.3.2006	Oslo	Styremøte Fondet for norsk målreising	Endresen
9.3.2006	Flekkefjord	Flekkefjord ungdomsskole, positivt sidemålsforsøk	Arnøy, Løver
10.3.2006	Trondheim	Sør-Trøndelag fylke: positivt sidemålsforsøk	Arnøy, Kuvås
10.3.2006	Sogndal	Årsmøte i Sogn og Fjordane Mållag	Bjørhusdal, Lothe
11.3.2006		Årsmøte Trønderlaget	Arnøy
11.3.2006	Bryne	Årsmøte i Rogaland Mållag	Lothe
12.3.2006		Årsmøte Valdres Mållag	Skarpeteig
13.3.2006	Sotra	Møte med Fjell kommune og rektorane på ungdomsskulane i Fjell: Vilkåra for nynorskelever i ungdomsskulen	Bjørge, Arnøy
14.3.2006	Oslo	Forum for nynorsk i skolen	Endresen
16.3.2006	Gjemnes	Årsmøte Gjemnes Mållag	Ulvund
18.3.2006	Bygland	Årsmøte Vest-Agder og Aust-Agder Mållag	Skarpeteig, Løver
22.3.2006	Førde	Førde Mållag 75-årsjubileum	Bjørhusdal
23.3.2006	Lærdal	Årsmøte i Lærdal Mållag	Bjørhusdal
24.3.2006	Skien	100-årsjubileum Mållaget Dag	Endresen
25.3.2006	Skien	Årsmøte Telemark Mållag	Endresen
24.-26.3.2006	Lista	Landsmøte Norsk Målungdom	Ulvund
1.4.2006	Haugesund	100-årsjubileum Haugesund Mållag og Ungdomslag	
5.4.2006	Os	Rektormøte vgs Hordaland: korleis gjera elevane i Hordaland tospråklege?	Arnøy

Det går mangt eit menneske
og ser seg fritt ikring
for Ivar Aasens skuld

Økonomi

Tal i 1000	REK 01	REK 02	REK 03	REK 04	LM-vedtak BUD 05	Styrevedtak BUD 05	REK 05
INNTEKTER							
Sal av materiell	74	107	96	87	90	90	68
Lysingar og istikk	132	69	80	31	90	100	49
Tingingsinntekter	13	7	62	59	60	58	37
Kulturlotteri	292	288	333	285	360	330	283
Medlemspengar	1 930	2 097	2 040	2 043	2240	2 264	2 610
Organisasjonssatsinga		277	326	360	372	480	129
Studiearbeid	14	6	6	5	5	5	5
Møte-/seminarinntekter	303	136	114	131	130	130	125
Målgåver	752	765	663	716	670	720	757
Jubileumsgåver					100		
Statstilskot	1 361	1 402	1 457	1 505	1550	1 557	1 536
Løyvingar og gaver	491	385	379	382	450	450	266
Agdersatsinga			200	208	80	280	242
Andre lagsinntekter	49	54	32	33	35	32	31
Leigeinntekter	293	270	286	295	300	111	113
Uttak av varer			18	13		20	8
Ymse	32	239	70	157	50	416	86
Sum inntekter	5 736	6 102	6 162	6 310	6 482	7 143	6 345
KOSTNADER							
Materiell for sal	60	104	74	53	75	75	47
Trykkjekostnader	323	268	287	301	300	346	326
Kulturlotteri	53	56	68	47	75	75	54
Refusjon medlemspengar	470	500	464	447	490	480	498
Løn og honorar	2 084	2 377	2 590	3 138	3 000	3 333	3 190
Husleige og straum	617	620	679	680	720	553	559
Telefon (og porto)	91	94	121	139	125	140	136
Porto	532	475	447	469	475	475	542
Argus	69	60	58	56	62	60	78
Drifts- og kontorutgifter	310	338	328	319	335	335	549
Landsmøte/reise	124	110	126	328	135	160	300
Styre-/landsrådsmøte	105	181	195	159	190	175	188
Seminar/konferansar	226		234	75	110	75	36
Andre møte og reiser	261	323	379	373	310	380	445
Løyvingar og gaver	38	46	34	34	45	45	15
Løyving til NMU			35	40	35	45	45
Avskrivningar, tap på krav	114	52	33	42		66	18
100-årsjubileet					200		
Sum kostnader	5 477	5 604	6 152	6 700	6 482	7 018	7 026
Resultat før finanspostar	259	498	10	-390	0	125	-681
FINANSPOSTAR							
Utbyte	58	1	44	42			33
Aksjevinst				404			1
Finansinntekter	99	107	70	15	120	60	13
Finansutgifter	-43	-46	-29	-21	-30	-90	-23
Sum finanspostar	114	62	85	440	90	-30	24
Ekstraord. inntekter		40	13	108			416
RESULTAT	373	600	108	158	90	95	-241
DISPONERING							
Overført eigenkapital	373	600	108	158	90	95	-241

Økonomiarbeidet

Dei viktigaste inntektene for målrørsla både lokalt og sentralt er i dag knytte til årspengar, gåver, lotteri og sal av ymse artiklar, alt saman inntekter som i hovudsak kjem frå medlemene. Noregs Mållag har vore ein svært godt stilt organisasjon som har engasjerte, gavmilde medlemer, som er vane med å bere kostnadene ved organisasjonsarbeidet sjølve.

Som rimeleg er med eit stabilt medlemstal, er likevel desse inntektene nokså konstante, medan kostnadene til drifta aukar år for år. Dei siste åra har også rentene vore svært låge og dimed gjeve små summar til løyingar og utdelingar frå fond og legat som stør målarbeidet. Alt i alt gjer faktorane i dagens økonomi det litt trongare på budsjettet for kvart år, og Mållaget er nøydd til å finna nye inntektskjelder eller greia å redusera kostnadene, dvs drifta, sentralt.

KOMMENTARAR TIL REKNESKAPEN Rekneskapen for 2005 viser eit underskot på kr 241 000. Det var budsjettert med eit overskot på kr 90 000. Driftsrekneskapen kom ut med eit underskot på heile kr 712 000, men attendebetaling av kostnadene til rettssaka i Sandnes, frigjeve depositum for dei gamle kontorlokala, momsrefusjon, finansinntektene, renter frå bankinnskot og tildeling frå Fondet for norsk målreising reduserte underskotet til kr 241 000. Noregs Mållag har no ein positiv eigenkapital på 919 897. Det må då presiserast at Skrivarloftet (husværet i Schweigaardsgate 52) er bokført med kjøpesummen i 1992 medan marknadsverdien truleg er om lag fire gonger så høg.

Inntektene til Noregs Mållag står i hovudsak på tre pilarar: årspengar, andre medlemsinntekter og statsstøtte. Statsstøtta er stabil. For 2005 har det vore nedgang i loddsla, men gjevarleda har vore stor.

Dei største sprekkane i høve til budsjett kom i 2005 på løyvingar/gåver og på leigeinntekter. Kraftig nedgang i leigeinntektene skriv seg frå at Noregs Mållag flytta i august 2005 og ikkje lenger har kontor å leiga ut. Å finne andre inntektskjelder som kan betra økonomien er framleis eit mål. I 2005 har det òg vore brukt mykje tid på inntektsarbeid for jubileumsåret 2006.

På kostnadssida er dei største sprekkane knytte til reiseverksemda, driftsutgifter, landsmøtet og porto. Driftsutgiftene er monaleg høgare enn vanleg fordi flyttekostnadene er ført der. Dei lokala vi no held til i, er rimelegare enn dei vi hadde, og styret vurderte at å ta flyttekostnaden ville betala seg på litt lengre sikt. Landsmøtet i Tromsø vart dyrt for heile organisasjonen. Det var likevel viktig å leggja ei tilskiping til Nord-Noreg etter over 20 år. Auke i reisekostnadene tyder på høg reiseaktivitet frå skrivarstova og styremedlemer. Svært mange lag fått gjesting, og kanskje dét er ein av grunnane til at vi for fyrste gong sidan 2000 hadde ein auke i medlemstalet.

MATERIELL/VARER FOR VIDARESAL Posten gjeld sal av tilfang. Den største inntektskjelda i 2005 var profileringsmateriell.

LYSINGAR OG ISTIKK Norsk Tidend kom ut med fem nummer i 2005. Noregs Mållag stod sjølv for annonsesalet. Resultatet var ikkje slik vi hadde ynskt.

TINGINGSINNTEKTENE har hatt ein nedgang samanlikna med dei siste åra. Tingarane er i hovudsak bibliotek og skular, og signala kan tyda på at økonomien deira er så trond at dei ikkje ser seg råd til å halda slike blad og avisar i abonnement.

LOTTERIET er tufta på frivillig sal ute i laga og direktesal frå skrivarstova. Lotteriet blei avslutta 31.12.05.

ÅRSPENGAR Talet på medlemer gjekk opp med 21 i 2005. Inntektene vart om lag som budsjettert.

MØTE-/SEMINARINNTEKTER Posten inneholder landsmøteavgift og seminaravgift.

MÅLGÅVER Medlemene har også i 2005 gjeve gode gåver til arbeidet i rørsla.

ANDRE LAGSINNTEKTER Under denne posten vert lagsbruksavgifta frå Norske Lagsbruk ført. Basert på omsetninga i ein del av lagsbruksusa, blir det rekna ein lagsbrukskatt som går til Noregs Mållag og til Noregs Ungdomslag.

LEIGEINNTEKTER frå utleige av skrivarloftet (i Schweigaardsgt 52) og utleige av kontor til Atlantis og Kringkastingsringen.

UTTAK AV VARER Profileringsmateriell og bøker som er brukte til gåver til innleiarar og andre.

Ymse INNTEKTER Inneheld m.a. inntekter i samband med landsmøtet, der sentrallekken har lagt ut for lokallagskostnader og deretter fakturert lokallaga.

LØYVINGAR/GÅVER

Gåver/tilskot over kr 2 000 frå lag og fond:

Sandefjord og Sandar Mållag	10 000
Anne og Alf Longvas fond (overført til 2006)	-15 000
Anne og Alf Longvas fond	10 000
Oslo Nye Sparebanks Fond	15 000
Nordmøre Mållag	31 000
Sum, gåver/tilskot frå lag og fond	66 000

Offentlege tilskot:

Utdanningsdirektoratet 200 000

LØN OG ADMINISTRASJON Lønskostnadene fordeler seg på løn til tilsette og engasjerte, arbeidsgjevaravgift, sosiale kostnader, personalforsikringar, pensjonspremie, revisjonshonorar, honorar til innleiarar på kurs og honorar til skribentar i Norsk Tidend. Honorar til prosjektredda arbeid er òg ført her. Eit detaljert oversyn over stillingar og tilsette står ovanfor under «Skrivarstova». Dagleg leiar er plassert i lønssteg 50 i statsregulativet.

HUSLEIGE OG STRAUM Posten inneholder husleige, straum, reinhald, forsikringar og ymse huskostnader. Husleige, straum og ymse kostnader til husværet i Schweigaardsgate 52 er òg ført her. Husleigeposten er bruttoført. Det vil seie at alle kostnader i samband med husvære kjem her, og alle inntektene kjem på leigeinntekter. Noregs Mållag flytte i august 2005 til rimelegare lokale, og kostnadene er difor lågare enn året før.

TELEFON Telefon- og internettkostnadene for 2005 er noko høgare enn budsjettet.

PORO gjeld porto for utsending av 5 nr av Norsk Tidend, portokostnader i samband med loddsal og porto for all post som Noregs Mållag sender ut. Kostnadene vart høgare enn budsjettet, m.a. fordi det vart sendt ut mykje informasjon til organisasjonen i opptakten til jubileet.

REFUSJON AV MEDLEMPENGAR Etter landsmøtevedtak i 2002, er det no utbetaling av refusjon medlemspengar ein gong i året. Refusjonen skal utbetalast i februar året etter avslutning av medlemsrekneskapen. Refusjon medlemspengar for 2005 er utrekna til totalt 498 000.

DRIFTSUTGIFTER Ein av dei største ordinære underpostane er leige av kopimaskin med driftsavtale. Maskina fungerer òg som felles skrivar for datamaskinene. Noregs Mållag skriv ut målgåvegiroane og ein del anna materiell på denne maskina. IT-kostnader, m.a. kostnader til heimesida, er òg ført under denne posten. Ein annan stor utgiftspost er rekvisita som kopipapir, brevpapir, konvolutter og anna driftsmateriell. Vedlikehald av Skrivarloftet kjem under denne posten.

Kostnadene knytte til flyttinga sumaren 2005 er også ført her. Det gjeld både kostnadene til sjølve flyttinga og til investering i ny telefonentral (om lag 60 000 kroner).

MØTE-/REISEUTGIFTER Desse postane inneholder møte- og reiseutgifter i samband med landsmøte, landsrådsmøte, styremøte og andre møte og reiser. I 2005 vart det arrangert haustseminar i Oslo. Reiseaktiviteten har vore høg i året som var, i tillegg til at landsmøtet vart monaleg dyrare enn budsjettet.

GÅVER OG TILSKOT FRÅ NOREGS MÅLLAG

Nynorsk litteraturpris	15 000
Nynorsk barnebokpris	15 000
Norsk Målungsdom	45 000
Sum, gaver og tilskot	75 000

AVSKRIVINGAR/TAP PÅ KRAV Avskrivingane skriv seg til mindre summar som har vore inntektsførte som uteståande krav i balansen, men som Mållaget no vel å føra som tap.

FINANSPOSTAR inneholder renteinntekter fra ymse bankkonti og tildeling frå Fondet for norsk målreising. Utbyte på aksjane i Orkla er også med her. Renteutgifte inneholder renter på lån og gebyr.

EKSTRAORDINÆRE INNTEKTER inneholder atten-debetaling av kostnadene til rettssaka i Sandnes, frigje depositum for dei førre kontorlokala og refusjon frå det offentlege av momskostnader på porto og tenester i 2004.

Balanse

	<i>Notar</i>	2004	2005		<i>Notar</i>	2004	2005
ANLEGGSMIDLAR							
Husvære	7	326 070	326 070		Eigenkapital	1 034 739	1 192 479
Inventar	6	0	0		Årsresultat	157 740	241 030
Sum varige driftsmidler		326 070	326 070		Sum opptent eigenkapital	1 192 479	951 449
Partar i Fondet for norsk målreising		533 000	533 000				
Sum finansielle anleggsmidler		533 000	533 000				
Sum anleggsmidler		859 070	859 070				
OMLAUPSMIDLAR							
Varer	3	109 231	100 576		SKULD		
Kundekrav		281 087	684		Gjeldsbrevlån	9	79 146
Opprente inntekter	2	254 888	192 643		Husfond	10	273 050
Mellomrekning Fondet		41 376	31 985		Sum langsigktig skuld		352 196
Sum kortsigktige krav		577 351	325 888		Leverandørgjeld		97 732
Luter	4	151 200	151 200		Skuldige medlemspengar		491 938
Depositum husleige	5	198 050	0		Medlemspengar neste år		14 020
Bankinnskot	1	967 699	855 404		Nedlagde/sovande lag		5 290
Sum bankinnskot		1 165 749	855 404		Skuldige off. avgifter / feriepengar		452 409
Sum omlaupsmidler		2 003 531	1 332 492		Anna kortsigktig skuld	8	256 537
EIGE		2 862 601	2 191 562		Sum kortsigktig skuld		1 317 926
							1 149 303
					Sum skuld		1 670 122
							1 240 113
					EIGENKAPITAL OG SKULD		
							-2 782 480

- 1) Av bank- og postinnskot er kr 81 183,- bundne til skattetrekks.
- 2) Opprente inntekter inneholder utestående krav, m.a. løyvin-ger til organisasjonssatsinga og medlemspengar frå lag med direkte innkrevjing.
- 3) Noregs Mållags lager av profileringsmateriell og bøker oppført til innkjøpsverdi.
- 4) Noregs Mållag har luter i:

	<i>Kostpris</i>	<i>Bokf. v.</i>	<i>Likn.v.</i>
Det Norske Teatret	23 stk	11 200	0
Orkla A-aksjar	276 stk	16 200	49 785
Dag og Tid	250 stk	10 000	10 000
Dag Bondheim AS	75 stk	75 000	75 000
Norsk Plan	5 stk	50 000	
Sum		151 200	49 785

Den verkelege verdien av lutane er usikker.
Marknadsverdien til Orkla A-aksjane er 76 590 kr.

- 5) Bundne bankinnskot

- 6) Inventar:
- | | |
|--------------------|------------|
| Opphavleg verdi | 867 317 |
| Tilgang 1999 | 119 961 |
| Tilgang 2000 | 183 417 |
| avskrive | -1 170 695 |
| Verdi pr. 31.12.05 | 0 |
- 7) Husvære i Schweigaards gt 52 i Oslo. Oppført verdi kr 326 070 (kjøppsummen i 1992). Marknadsverdien ved takst i 1999 vart sett til 750 000 kr.
- 8) Avsetjing til lotterivinstar og avsetjing til revisjonskostnader 2004.
- 9) Gjeldsbrevlån - Hardanger Sparebank
- | | |
|--|---------|
| Opphavleg lån frå 1995 til datautstyr | 500 000 |
| Overf. frå Gjensidige i 1997 (Schweigaards gate) | 105 000 |
| Rest pr. 31.12.05 | 15 810 |
- Banken har trygd i Schweigaardsgt. 52 for lånet.
- 10) Husfondet består av luter i Dag Bondeheim AS (Skien), 75 000 kr.

Fondet for norsk målreising

Fondet for norsk målreising er skipa for å sikra den økonomske innkoma til Noregs Mållag. Etter vedtekten (sist endra i 2001) skal fondsmidelen plasserast på høgste rente i bank eller på annan sikker og renteberande måte eller i aksjefond med god risikospreiing. Målet er at Noregs Mållag kvart år skal få overført ein pengesum tilsvarende om lag rente i pengemarknaden, rekna av verdien av fondet ved inngangen av året. Pengane kan brukast i den daglege drifta av samskipnaden. Fondet kan elles berre brukast til garanti for Noregs Mållag. Innskytarane kan teikna partar à kroner 1000 og må binda innsatsen sin i minst fem år.

Fondsstyret vedtok i 2001 desse retningslinjene for plassering av midlane i fondet: Om lag 40 prosent skal plasserast i bankinnskot, obligasjonar og pengemarknadsfond. Resten skal plasserast i norske og utanlandske aksjefond. Det skal ikkje plasserast midlar i enkeltaksjar eller i bransjefond.

Plasseringa i aksjefond vert teken hand om av ein fondsforvaltar. Fondet for norsk målreising betaler 5 000 kroner i året for denne tenesta. Avkastinga av desse midlane i 2005 har vore om lag 6,5 prosent, som er godt over det dobbelte av vanleg bankrente.

Fondsstyret har vedteke følgjande for utdeling av avkasting frå fondet til Noregs Mållag for 2005: Noregs Mållag får ei avkasting på 3 prosent av fondsverdien. Avkastinga vert rekna av verdien ved inngangen av 2005, og utbetalinga til Noregs Mållag vert då kr 30 433,-.

Fondet vert leidd av eit styre på tre personar, alle oppnemnde av styret i Noregs Mållag for to år om gongen. I meldingsåret har desse site i fondsstyret: Hallgrim Berg (leiar), Håvard Teigen og Toril Nicolaisen. Dagleg leiar i Noregs Mållag er skrivar for fondsstyret.

Styret har hatt eitt formelt møte i meldingsåret. I tillegg har det vore uformell kontakt på epost og telefon, både mellom styremedlemene og med fondsforvaltaren.

Det er ikkje teikna nye partar i fondet i 2005. Det vart utbetalt 1 000 i meldingsåret i partar som var sagde opp året før. Det er ikkje sagt opp partar i 2005. Det er eitt års oppseiingstid på partane.

Ved utgangen av året, etter utdeling av avkasting til Noregs Mållag, hadde fondsmidelen ein verdi på 1 035 305 kroner mot 1 014 457 kroner ved utgangen av 2004. Fondet har 224 innskytarar og Noregs Mållag har 533 av i alt 938 partar à 1 000 kroner.

Fondet for norsk målreising

Resultatrekneskap

	2005	2004
INNTEKTER		
Bankrenter	1 898	1 909
Renter på obligasjonar	6 750	6 768
<i>Utbte</i>		
Urealisert verdiauke fond	36 825	12 381
Realisert forteneste aksjesal	19 108	66 518
Sum inntekter	64 581	87 576
KOSTNADER		
Driftskostnader	5 965	15 219
Utbetalt andel Noregs Mållag	30 433	35 281
Sum kostnader	36 398	50 500
Overskot	28 183	37 076
Disponert til fri eigenkapital	99 031	181 227
Disponert til verdiendring	-70 848	-144 151
Utbetalte partar i rekneskapsåret	0	0
Sum disponert	28 183	37 076

Balanse

	2005	2004
EIGEDELAR		
<i>Krav</i>		
Opptente renter	6 491	6 510
<i>Investeringar</i>		
NORSKE AKSJAR		
Storebrand verdi	0	48 924
Carnegie Aksje Norge	0	51 106
UTANLANDSKE AKSJAR		
ACM-Global Growth Trends P	18 491	14 342
Morgan Stanley Global Value	37 463	32 045
Morgan Stanley Global Brands	39 048	31 625
KAPITALGARANTERTE FOND		
Kapitalsikring IV 04/09	208 400	196 700
HEDGEFOND		
UBS NAS	156 241	152 766
Navigator Hedge	213 681	204 652
OBLIGASJONAR		
1996/2007	103 850	108 220
Sum investeringar	777 174	840 380
Bankinnskot	289 940	208 942
Sum egedelar	1 073 605	1 055 832

SKULD OG EIGENKAPITAL

<i>Opptent eigenkapital</i>		
Urealisert verdiauke	36 825	12 381
Fondsmidel 01.01	900 449	827 849
Utbetalte partar -02	-1 000	-7 000
Tilført frå årsresultat	99 031	181 227
Sum fondsmidel 31.12	998 480	1 002 076
Sum ureal. v.auke og eigenkap.	1 035 305	1 014 457
<i>Skuld</i>		
Avsett for skuld til Noregs Mållag	38 300	41 376
Sum skuld	38 300	41 376
Sum eigenkapital og skuld	1 073 605	1 055 833

Inga og Gjøa Lutros legat

Rekneskap 2005

Renter	2 450
Overført til Noregs Mållag	2 450

Balanse 2005

Aktiva	
Bankinnskot	602 678
Passiva	
Legat	602 678

Kulturlotteriet

Rekneskap 2005

Inntekter	
Loddsal	281 480
Sum inntekter	281 480

Kostnader

Vinstar	53 768
Trykking	27 174
Porto	16 261
Administrasjon	30 000
Gebyr	3 441
Sum utgifter	130 644

Overskot

150 836

VARDENS REVISJONSKONTOR

Til revisjonskontoret i
Inga og Gjøa Lutros Legat

Vardens Revisjonskontor AS
Statstilsynsbevilget Revisor
Medlemmer av
Dvs revisjonsforening
Øystein Løvstad
Haakonsholm revisor
Per-Arne Aasen
Statstilsynsbevilget revisor

REVISJONSmelding for 2005

Vi har revisert finansieringsrapporten for Inga og Gjøa Lutros Legat for rekneskapsåret 2005 som viser et overskott på kr. 2 450,-. Finansieringsrapporten inneholder resulterekneskap og Balanse samt opplysninger i annet. Rekneskapsåret inneholder også regler og god rekneskapspraktikk i Norge og rette ved styrkeordninger av finansieringen. Finansieringsrapporten er laget etter samme regler som i resten av rekkene i legatet. Vi gir oppgave om å vurdere om uttale om finansieringen og andre tilhørende teknisk informasjon.

Vi har utført revisjonen i samarbeid med leir og forsikringer og god revisjonspraktikk i Norge, - samunder revisjonsmedlemmene vedtatt ved Den norske Revjerforsamling. Revisjonsmedlemmene krever at vi pålegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggheten vi treng fra at finansieringsrapporten ikke inneholder vesentlig feilinformasjon. Revisjonen omfatter kontroll av øsselske deler av materiale som ligg til grunn for informasjonen i finansieringsrapporten, og dessverre vurdering av innholdet i og presentasjonen av finansieringen. I den grad det finnes av god revisjonspraktikk, omfatter revisjon også ei gjennomgang av forståelsen av formål og relevans og interne kontrollsystemer i utlikningen. Vi mener at revisjonen vår gir en forverring grunnet for konsekvensen.

Vi mener at

- finansieringen er lagt fram i samarbeid med leir og forsikringer og gir et revisjonsbilde av utlikningen i økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet i rekneskapsåret i samarbeid med god rekneskapspraktikk i Norge
- Inga og Gjøa har oppfyllt pliktene til å sette et ordning og overvåking og oversiktlig registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningene i finansieringen med leir og god holdningspraktikk i Norge.

Oslo, den 16. mars 2006
VARDENS REVISJONSKONTOR AS
Per-Arne Aasen
Statstilsynsbevilget revisor

VARDENS REVISJONSKONTOR

Til
Noregs Mållag
Ola Polikammer

Vardens Revisjonskontor AS
Statstilsynsbevilget Revisor
Medlemmer av
Dvs revisjonsforening
Øystein Løvstad
Haakonsholm revisor
Per-Arne Aasen
Statstilsynsbevilget revisor

REVISJONSmelding LOTTERIREKNESKAP 2005

Vi har kontrollert kulturlotterirekneskapen for Kulturlotteriet 2005 for Noregs Mållag. Rekneskapsåret, som ikke er kontrollert av revisjonskontoret, viser et overskott på kr. 150 836.

Rekneskapsåret omfatter bidrar solgt frem til utledningsdato 31. desember 2005.

Vi har kontrollert at det foreligger dokumentasjon for samtlige kostnader, inklusive utenlands gevinster, og at finansieringen stemmer overens med antall solgte bidrar. Avviket mellom faktisk inntekti og maksimalt tilført antall solgte bidrar viser følgende.

Lotterirekneskapen tilfører leir og regler som regulerer avvikling av lotteriet.

Oslo, den 16. mars 2006
VARDENS REVISJONSKONTOR AS
Per-Arne Aasen
Statstilsynsbevilget revisor

VARDENS REVISJONSKONTOR

Til henvendt i
Norges Miljø
Norges Miljø

Vardens Revisjonskontor AS
Samarbeidende revisor
Meldt innatt av Dovre miljøvernforening
Oyvind Lervik Statistisk revisor
Per-Anne Aarås Statistisk revisor

REVISJONSMELDING FOR 2005

Vi har revisert årsrekkskapen for Norges Miljø for rekkskapsåret 2005 som viser et underskudd på kr 241 020. Vi har også revisert opplystingen i årsrekkskapen om årsrekkskapen om finansieringen av dette skal hastå fram. Årsrekkskapen inneholder opplystinger om finansieringen av dette skal hastå fram fra Konsesjonærer, medlemmer og oppbyggere i Norge. Årsrekkskapen viser regler og god rekkskapspraktikk i Norge er mynt ved utredningen av rekkskapsen. Årsrekkskapen og den skjøte er tilstede fram av mynt og daglig leder for selskapet. Vi oppgir er å vurdere og uttale om om årsrekkskapen og andre tilhørende ikke er myntbare.

Vi mener at:

- Årsrekkskapen er lagt fram i samav med lov og forskrifter og gir et revisjonable bilde av etablert si økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet i rekkskapsåret i samav med god rekkskapspraktikk i Norge.
- Innsats har oppført politikken til å mynt for ordnethet og oversiktlig registrering og dokumentasjon av rekkskapsoppbygginger i samav med lov og god bekledningspraktikk i Norge.
- Oppbyggene i årsrekkskapen, finansieringen om at dette skal hastå fram er konsekente med årsrekkskapen og er i samav med lov og forskrifter.

Oslo, den 16. mars 2006

VARDENS REVISJONSKONTOR AS
P. A. Aarås, Aarås
Per-Anne Aarås
Samarbeidende revisor

Forskriftsnr: Praktisk nr. Sør-Trøndelag 1124 Oslo	Brevkastadress: Slipperg. 13 Tlf. 22 42 97 72 Boktrykk 8200014444	Forskriftsnr.: NO 990 463 591 MVA e-post: vardsa-revisjon@vardsa.no
--	--	--

VARDENS REVISJONSKONTOR

Til henvendt organer i
Fonden for Norsk Miljøretning
Fonden for Norsk Miljøretning

Vardens Revisjonskontor AS
Samarbeidende revisor
Meldt innatt av Dovre miljøvernforening
Oyvind Lervik Statistisk revisor
Per-Anne Aarås Statistisk revisor

REVISJONSMELDING FOR 2005

Vi har revisert årsrekkskapen for Fonden for Norsk Miljøretning for rekkskapsåret 2005 som viser et underskudd på kr 241 181. Årsrekkskapen inneholder resultatskaping og balanse uten opplystinger i nærmest. Årsrekkskapen viser regler og god rekkskapspraktikk i Norge er mynt ved utredningen av rekkskapsen. Årsrekkskapen og den skjøte er tilstede fram av mynt og daglig leder for selskapet. Vi oppgir er å vurdere og uttale om om årsrekkskapen og andre tilhørende ikke er myntbare.

Vi mener at:

- Årsrekkskapen er lagt fram i samav med lov og forskrifter og gir et revisjonable bilde av etablert si økonomiske stilling 31. desember 2005 og av resultatet i rekkskapsåret i samav med god rekkskapspraktikk i Norge.
- Innsats har oppført politikken til å mynt for ordnethet og oversiktlig registrering og dokumentasjon av rekkskapsoppbygginger i samav med lov og god bekledningspraktikk i Norge.
- Oppbyggene i årsrekkskapen, finansieringen om at dette skal hastå fram er konsekente med årsrekkskapen og er i samav med lov og forskrifter.

Oslo, den 16. mars 2006

VARDENS REVISJONSKONTOR AS
P. A. Aarås, Aarås
Per-Anne Aarås
Samarbeidende revisor

Forskriftsnr: Praktisk nr. Sør-Trøndelag 1124 Oslo	Brevkastadress: Slipperg. 21 Tlf. 22 42 97 72 Boktrykk 8200014444	Forskriftsnr.: NO 990 463 591 MVA e-post: vardsa-revisjon@vardsa.no
--	--	--

Norsk Målungdom

Norsk Målungdom arbeider for at bokmålsbrukarar skal byrja å skriva nynorsk, og for at dei som alt skriv nynorsk skal halda fram med det.

I 2005-06 har nynorsk i media, målferder og norskfagsarbeid vore av dei viktigaste arbeidsområda, så vel som verving og lagsskiping.

Arbeidsperioden har vore prega av optimisme og pågangsmot, og Norsk Målungdom har fått gjort mykje med dei ressursane som har vore til rådvelde.

NYNORSK I MEDIA NMU deltok i Slepp nynorsken til-kampanjen, og gjorde ein stor innsats med å reisa på skular og å ha aksjonar for å samla inn underskrifter. Både sentralstyre, landsstyre, lokallag og einskildaktivistar tok del i arbeidet. Ei anna sak som har vore framme i det siste, er nynorsk teksting på film.

MÅLFERDER OG TEMADAGAR Kvart år held NMU føredrag for elevane rundt om i klassane. Dei får NMU sin versjon av målsoga, og ordskiftest om språkstoda. Dette arbeidet er særsviktig, både av di synspunkta når ut, og av di det fører til mange nye medlemer. I perioden har NMU vitja seksti skular, i alle delar av landet.

NORSKFAGSARBEID I perioden har NMU skipa til ein norskfagskonferanse saman med Elevorganisasjonen. Konferansen tok opp problemstillingar knytte til mellom anna sidemål, dei nye læreplanane og kanon i norskfaget.

Elles har det vore skipa til sidemålsdebattar, drive studiearbeit om norskfag og sidemål, og hatt ein kampanje der vi oppmoda folk om å velja nynorsk som hovudmål.

ORGANISASJONEN Målungdomen har rekruttert breitt, og fått fleire nye aktivistar frå ulike stader i landet; ikkje minst er det no lokallag i alle dei fem største byane. Tre nye lag er skipa, i Østfold, på Jæren og i Trondheim. Aktiviteten er jamn og god i mange av dei eksisterande laga, jamvel om det alltid er eit problem med manglande kontinuitet i styra, særleg i elevlaga.

I 2005 opplevde NMU ein kraftig medlemsauke, og enda opp med 1720 medlemer. Det er nesten 300 fleire medlemer enn i 2004. Dette er ikkje minst takk vera den store vervekampanjen til Studentmållaget i Oslo, der det vart verva over hundre nye medlemer.

Økonomien er framleis særsviktig. Kvar månad betaler vi 25 000 kroner til staten. Men vi har i perioden funne rom til å ha ein til to tilsette, i tillegg til sivilarbeidar frå juni. Dette har auka arbeidskapasiteten på skrivarstova og gjort det administrative arbeidet lettare.

Nærskylde tiltak

Dag og Tid

www.dagogtid.no

Dag og Tid AS gjev ut den frie vekeavisa Dag og Tid, som særleg legg vekt på stoffområda kultur og politikk. Innanfor dei litterære miljøa i Noreg er Dag og Tid ei mykje lesen avis.

Dag og Tid kom i 2005 ut med 52 nummer i 48 utgåver. Opplaget i 2005 kom opp i 7054, noko som er ein auke på 25 frå året før.

Selskapet driv òg forlagsverksem i mindre omfang. I 2005 gav Dag og Tid ut ei temaavis om forfattaren Edvard Hoem og ei bok med utvalde aforismar frå «På steingrunn»-spalta i avisa. Selskapet gjev også ut Ivar Aasen-almanakken og Nøkkel til nynorsk.

Svein Gjerdåker er redaktør og dagleg leiar. Bente Riise er styreleiar i selskapet.

Det Norske Samlaget

www.samlaget.no

Det Norske Samlaget er eit litteraturselskap, ein kultur-politisk interesseorganisasjon skipa i 1868, og eit forlag, Stiftinga Det Norske Samlaget. Hovudoppgåva for Literaturselskapet er å leggja tilhøva til rette for nynorsk bokutgjeving. Selskapet gjev ut tidsskriftet Syn og Segn, som er av dei største allmennkulturelle tidsskrifta i Noreg. Tingartalet i 2005 var 2175 mot 2474 året før. Forlaget gjev også ut Bymåslagets tidsskrift Maal og Minne.

Forlaget gav i 2005 ut 207 titlar, fordelt på skjønnlitteratur for vaksne og barn, sakprosa for eit allment publikum og lærebøker til grunnskule, vidaregåande skule og høgare utdanning. 2005 vart eit tilfredsstillande år for forlaget når vi tek omsyn til dei store investeringane i nye skulebøker til Reform 2006. Driftsinntektene med tilskot vart 69,1 mill.kr, og førebels årsresultat etter skatt vart eit underskot på om lag 3 mill. kr. Fleire utgivingsområde gjekk også betre enn venta. Til saman fekk Samlaget 26 litterære prisar i inn- og utland. Forlaget selde 31 bokrettar til utlandet.

Blåmann Barnebokklubb har samarbeidd med nynorsk-organisasjonane, skular og bibliotek om medlemsvervning. Etter fire års drift har han i overkant av 4000 medlemer; ei auke siste året sjølv om bokklubar jamt over går därleg.

I 2006 skal Reform 06 innførast og med dette skal det nye læremiddel i alle fag frå 1. til 13. skuleåret. Det Norske Samlaget satsar sterkare enn nokon gong med nye læreverk i ei rekke fag. Endringane i bokbransjen no også med frie prisar på lærebøkene gjer at Samlaget har mått omstille og effektivisere drifta.

Leiar i styret for forlaget var Siri Hatlen og for Literaturselskapet Kjellbjørg Lunde. Forlagsdirektør Nina Refseth er dagleg leiar.

Det Norske Teatret

www.detnorsketeatret.no

Det Norske Teatret spela i 2005 i alt 945 framsyningar. Samla tilskodartal for 2005 var 193 618. Tilskotet frå staten til teaterdrifta var 107 mill. kroner.

Magnus Rindal er styreleiar ved teatret, Vidar Sandem teatersjef og Morten Gjelten er direktør.



Ane Dahl Torp og Lena Kristin Ellingsen i Is-slottet.
Foto: Det Norske Teatret

Folkekulturforbundet

www.folkekultur.no

Folkekulturforbundet er Noregs Mållag sitt studieforbund, og vi skal ivareta medlemsorganisasjonane og deira lokallag med omsyn til utvikling, tilrettelegging og finansiering av eit mangfaldig og riktig opplæringstilbod lokalt. Vi bruker omgrepet folkekultur i vid forstand, slik ein kan sjå av medlemsorganisasjonane. Men vi er opptekne av - og ynskjer å ta eit ansvar for - opplæring på dette feltet, og vera ein støttespelar for medlemene våre.

Vi ser på opplæring i vid forstand - frå eit lite, enkelt kurs til aktiv deltaking i vår eiga og andre si læring, fordjuping i ulike emne og spesialisering i teknikkar - til formell kompetanse og vekttal. For oss er det viktig å sikra eit tilbod som dekkjer alle nivå, og som er lett tilgjengeleg for deltakarane.

Opplæringa skjer i aktive læringsfellesskap, og er med på å skapa sosialt trygge og trivelege rammer rundt læringssituasjonen. Dette er viktig for å leggja til rette for god læring, og for å vera inkluderande og open. Læring er knytt til handling, og skjer vel så gjerne ved vevstolen, på teaterscenen og i båten som i dansesalen.

Vi er ein stor kursarrangør, i 2005 gjennomførte vi 103 222 kurstimar med 27 857 deltakrar på 3450 kurs. Opplæringa blir organisert gjennom lokale lag og foreningar i medlemsorganisasjonane våre - og organisasjonaar vi har samarbeidsavtale med.

I fleire av handverksfaga arbeider vi for å sikra vegen til formell kompetanse, med spesiell vekt på opplæring fram mot å ta fagbrev. Dette er små fag, og tilgangen på offentleg utdanning er forsvinnande liten. Dette gjer vi gjennom å rettleia kandidatar som ynskjer å ta fagbrev, aktivt samarbeid med fagopplæringa og gjennom ulike prosjekt. I tillegg samarbeider vi med to viktige kursenter: Holmen Gård: www.holmengard.no, og Senter for bygdekultur: www.hjerleid.vgs.no.

Vi driv også høgare utdanning i samarbeid med ulike høgskular og universitet. Dette gjeld: Drakt og samfunn (bunad og folkedrakt), Norsk, folkeleg dans og andre dansestudium (www.ntnu.no/videre/), Høgskolekurs i teater (www.hats.no) og Kultur- og handverksstudium (www.kulturakadem.no).

Mykje av vårt rikhaldige kurstilbod finn du på www.kursoversikt.no

Kringkastingsringen

www.kringkastingsringen.no

Kringkastingsringen arbeider for at nynorsk, dialektar og samisk skal få eit rettkome rom i allmennkringkastinga og i media elles. I 50 år har Kringkastingsringen vore pådrivar for at medieverksemndene skal føra ein

språkpolitikk som speglar språkmangfaldet i Noreg. Kringkastingsringen arbeider også for å påverka styresmaktene til å leggja forholda til rette for at vi skal få eit godt og mangfaldig språk i media.

I 2005 har vi:

- Arbeidd for meir nynorsk og dialektar i barne- og ungdomsprogram i radio og fjernsyn.
- Vore i møte med NRK for å drøfta spørsmåla kring barne- og ungdomsprogram.
- Fungert som høyringsinstans i mediespørsmål.
- Halde oversikt over språkbruken i media.
- Gjeve ut fire nummer av meldingsbladet Kringom, der vi tek opp aktuelle språklege og mediepolitiske spørsmål.
- Delt ut Kringkastingsprisen til Are Kalvø.
- Markert 50-årsjubileet til Kringkastingsringen i 2005 med fest og seminar.

Unn Aarrestad er styreleiar og Marit Aakre Tennø er tilsett som dagleg leiar.



Are Kalvø fekk Kringkastingsprisen i 2005.

Unn Aarrestad overrekte pris-biletet.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar

www.lnk-nytt.no

Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK) er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak og har som føremål å fremja nynorsk språk og kultur i offentleg verksemd. Organisasjonen har 105 medlemer; av desse er 97 kommunar og fylkeskommunar.

LNK skal arbeida for å utvikla nynorsk bruksspråk innanfor alle sektorar i det offentlege, men medlemene har dei siste åra prioritert arbeidet med nynorsk og IKT, nynorsk for barn og unge og det å visa saman-

Nærskylde tiltak

hengar mellom språk, identitet, kultur og kommunal (nærings)utvikling.

LNK tilbyr språkkurs for saksbehandlarar i kommunar og i statsadministrasjonen, og har ein stab med flinke kurshaldarar som til saman dekkjer heile landet.

Gjennom eit formalisert samarbeid med næringslivet freistar LNK å påverka leverandørar av varer og tenester til det offentlege til å sjå samanhengar mellom eigen økonomi og det å ta kundane på alvor - også språkleg.

LNK legg stor vekt på informasjonsarbeid: Organisasjonen gjev ut LNK-avisa seks gonger i året og nettstaden www.LNK-nytt.no vert oppdatert kvar dag.

Elles arbeider organisasjonen nært saman med Noregs Mållag gjennom Nynorsk Forum og i stiftiniane Pirion og Magasinett.

Jan Magne Dahle er styreleiar i LNK, medan Vidar Høviskeland er dagleg leiar.

Noregs Ungdomslag

www.ungdomslag.no

Noregs Ungdomslag er ein av dei mest allsidige kulturorganisasjonane i landet og har i overkant av 16 000 medlemer i over 450 lokallag.

NU er mellom anna den største folkedansorganisasjonen med 350 grupper, den største amatørteaterorganisasjonen med 150 grupper, og den største organisasjonen for lokale kulturhus med omlag 300 registrerte hus. Sjølv om mykje av aktiviteten i lokallaga er knytt til dei fire grunnsteinane dans, teater, bunads- og samfunnsarbeid, har ungdomslagsrørsla eit unikt mangfold i aktivitetar. I ungdomslaga har lokalsamfunna ein stad der ulike generasjonar møtest og saman tek vare på norsk kulturarv. I heile landet sit ungdomslag med store kulturhistoriske verdiar.

Noregs Ungdomslag vart skipa i 1896 og arbeider for folkeleg opplysning på fullnorsk grunn og for samhald og samarbeid mellom ungdomen.

Noregs Ungdomslag sin administrasjon flytta hausen 2005 inn i nye lokale i Oslo sentrum og har no kontorfellesskap med fleire andre kulturorganisasjonar. Sjølv om organisasjonane no ikkje lenger er i same «hus», er det framleis mange felles arenaer for samarbeid mellom NU og Noregs Mållag. Ni lokallag er med både i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag.

Noregs Ungdomslag arrangerte saman med Det Norske Teatret, Norsk Amatørteaterfestival i Oslo i juni i 2005 (www.teaterfestival.no) og Folkekulturfestivalen i Kirkenes i 2005 i juli. I 2006 skal Folkekulturfestivalen vera i Trondheim 6.-9. juli (www.folkekulturfestivalen.no) og leiar er Gunhild Berge Stang, og generalsekretær er Marit Jacobsen.

Norsk Barneblad

www.norsk-barneblad.no

Norsk Barneblad er eit av dei eldste barneblada i verda som framleis kjem ut. Bladet har kome ut utan avbrot sidan det vart skipa i 1887. Bladet kjem ut ein gong i månaden. Målgruppa er barn og unge i alderen 7-15 år.

Ordskifte der lesarane sjølve får skriva inn og diskutera, er eit av dei mest populære innslaga i bladet. Bladet inneheld dessutan teikneseriar, vitsar, kryssord, forteljingar, reportasjar og aktivitetsstoff. Bladet har også eiga heimeside på Internett.

Opplaget er kring 3000.

Styreleiar er Ingvild Aursøy Måseide, ansvarleg redaktør er Margunn Sundfjord (vikar for Nana Rise-Lynum) og dagleg leiar er Wenche Brusevold.



Norske Lagsbruk

www.lagsbruk.no

Føremålet til Norske Lagsbruk er å vera eit tenesteapparat for forretningsverksemد og lagshusdrift i rørsla ved å formidla økonomisk stønad, idear og spisskompetanse til lokale utviklingsprosessar.

Norske Lagsbruk har fått utvikla - og er eigar av - ein nettbasert database der alle ungdomshus i Noregs Ungdomslag skal registrerast med biletar og kontaktopplysingar. Husbasen er no lagt inn under kulturyggnett.no, som er ein nettstad for å profilera det nyskipa Nettverk for organisasjonseigde kulturygg.

Etter som det er nedgang i talet på næringsverksemder i rørsla, blir lagshusa den viktigaste oppgåva til Norske Lagsbruk i åra framover. Gjennom Noregs Ungdomslag er om lag 350 ungdomshus registrerte og kollektivt innmelde i organisasjonen. Årsbudsjettet er på omlag 2 mill, der 70 prosent er offentleg stønad.

Hallvard Julseth er styreleiar og Nils Seland dagleg leiar og einaste tilsette.

Nynorsk kultursentrum

www.aasentunet.no

Nynorsk kultursentrum er ei ideell stifting skipa 1993 med hovudføremål å arbeida for nynorsk skriftkultur, i gjensidig samarbeid med Ivar Aasen-instituttet ved Høgskulen i Volda. Måla våre er:

- Gjera det lettare å vera nynorskbrukar
- Styrkja den kulturelle eigenidentiteten til nynorsk-brukarane
- Skapa større allmenn forståing for nynorsk skriftkultur.

Stiftinga eig og driv desse tiltaka:

- Ivar Aasen-tunet i Ørsta - nasjonalt dokumentasjons- og opplevelingsenter for nynorsk skriftkultur som inkluderer det eldste personmuseet i landet
- Dei Nynorske Festspela - ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen med dei beste forfattarane, den gode musikken og dei uventa bileta
- Nettstaden www.aasentunet.no - den sentrale nettstaden for påliteleg og oppdatert informasjon om nynorsk skriftkultur

Styreleiar i 2005 var underdirektør Kari Bjørke, direktør var Ottar Grepstad. I 2005 hadde Nynorsk kultursentrum tilsette i ti faste stillingar og arbeidsavtalar med 13 som var tilsette i engasjement og prosjektarbeid.

2005 vart gjennombrotsåret for Nynorsk kultursentrum.

Det mangeårige samarbeidet med Det Norske Samlaget for å realisera planane om Nynorsk digitalt leksikon, gav resultat då eit breitt stortingsfleirtal i desember 2005 løvvde dei fyrste 1,5 mill kroner til eit slikt prosjekt. Også arbeidet med å styrkja bruken av nynorsk på Internett gav resultat, då regjeringa Stoltenberg i St.meld. nr. 7 (2005–2006) Om målbruk i offentleg teneste sa klart frå om at det er eit leiaransvar å rydda opp i målbruken på offentlege nettstader innan eit par år.

Nynorsk kultursentrum er vorte ein nasjonal kulturinstitusjon med solid lokal forankring. Vi var aktive i 13 kommunar i 2005, hadde for fyrste gong eit heilt årskull av elevar frå dei to vertskommunane på vitjing, og la i Nynorsk faktabok 2005 fram den mest omfattande statistiske dokumentasjonen av norsk språk som nokon gong har vore laga. Om lag 15 større og mindre forskings-, dokumentasjons- og formidlingsprosjekt var i gang med tilknyting til samlingane våre.

Forfattaren Kjartan Fløgstad fekk pris Årets nynorskbrukar 2005.

Omsetninga gjekk ned med 1 prosent til 9,8 mill. kr i 2005, og drifta gav eit overskot på 122 989 kr mot eit overskot på 111 000 kr i 2004. Dette er det beste resultatet før finansinntekter til no, takk vera målretta og lojalt arbeid frå alle tilsette, men marginane for drifta er framleis for små.

16 400 personar gjesta tilboda våre, mot 18 800 i 2004. Nær 4000 eller 24 prosent av desse var barn og unge.

Samlingane utgjorde ved årsskiftet vel 34 200 einingar. Artikkellarkivet i Ivar Aasen-tunet inneholdt ved årsskif tet nær 3600 artiklar om vel 630 personar, institusjonar og organisasjonar, mot vel 3200 klipp eit år tidlegare. Ved inngangen til 2005 var 2350 dokument tilgjengelege på nettstaden vår. Størst var Nettbiblioteket med over 900 tekstar.

I 2005 laga vi to nye temautstillingar, to nye forfat tarpresentasjonar og hadde om lag 55 aktualitetsopplag i basisutstillinga. Også dette året var det noko nyt i basisutstillinga kvar einaste opningsdag. Fire eldre og nyare temautstillingar vart dette året viste som vandreutstillingar andre stader i landet.

Vi slit framleis med å få ein sunn økonomi i Dei Nynorske Festspela. Omsetninga blei 100 000 kr lågare enn i 2004, og trass i også kostnadene gjekk noko ned, vart resultatet eit underskot på 96 000 kr, mot eit underskot på 75 000 kr i 2004. Både i kunstnarleg kvalitet og publikumsoppslutning var festspela svært vellukka, med vel 6 200 gjester og 220 utøvarar på 47 arrangement.

For kulturprogrammet fall omsetninga med 31 prosent til 450 000 kr i 2005. Utanom Festspela stod vi for 59 eigne kulturarrangement i 2005, mot 82 året før. Om lag 500 utøvarar var involverte i arrangement utanom Festspela.

Fra opninga i 2000 fram til utgangen av 2005 har samlingane av bøker, skrifter, foto og tradisjonelle gjenstandar auka frå 14 500 til 34 200. Til saman er det avvikla



Faksimile fra VG 1.2.06.

Nærskylde tiltak

nær 950 arrangement med nær 4000 utøvarar og presentert 16 nye, eigenutvikla temautstillingar. Nynorsk kultursentrum har til no hatt vel 110 000 vanlege gjester og 1 044 000 nettstadgjester. Sidan opninga i 2000 har altså over 1,1 millionar personar nytt tilboda våre.

